

Eid kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 01.12.2015
Møtestad: Bryggen hotell
Møtetid: Kl. 10:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, revisor i sak 035/15.

Dersom du ikkje kan møte:

Meld frå på e-post arva@sekom.no

Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
033/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/15	Skriv og meldingar 1.12.2015
035/15	Opplæring av nytt kontrollutval
036/15	Møteplan 2016 for Eid kontrollutval
037/15	Oppfølgingsliste 5 - 2015
038/15	Eventuelt

Med helsing

Ole Reinhardt Bugjerde
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 033/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/504
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 034/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/475
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 1.12.2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	19.11.2015	KS-119/15 Val av kontrollutval 2015-2019, handsama 15.10.2015	15/1752
2	19.11.2015	KS-136/15 Økonomirapportering pr 31.8.2015, handsama 12.11.2015	15/1749
3	19.11.2015	KS-137/15 Rapport over kommunens finansforvaltning pr 31.8.2015, handsama 12.11.2015	15/1750
4	19.11.2015	KS-138/15 Tilstandsrapport for grunnskulen år 2014-2015, handsama 12.11.2015	15/1751

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	15.10.2015	119/15	TMO

Avgjerd av:	Arkiv: 033	Arkivsaknr
Saksbehandler: Terje Moldestad	Objekt:	15/1736

Val av kontrollutval 2015-2019

Prenta vedlegg:

Kommunelova § 77

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 77 nr 1
Forskrift om kontrollutval

Kva saka gjeld:

Etter kommunelova § 77 nr 1 skal kommunestyret sjølv velje kontrollutval. Minst eit av medlemane skal vere kommunestyremedlem.

Utelukka frå val til kontrollutvalet er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen.

Kontrollutvalet skal forestå det løpande tilsyn med forvaltninga i kommunen.

Etter § 2 i forskrifta skal kontrollutvalet ha minst 3 medlemmer. I Eid kommune har utvalet 5 medlemmer.

Kommunestyret skal sjølv velje leiar og nestleiar av dei valde medlemane.

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

.....

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Gunvald Ludvigsen (V):

- | | |
|--------------|-----------------------------|
| 1. Leiar | Ole Reinhardt Bugjerde (Sp) |
| 2. Nestleiar | Jorunn Sandvik (SV) |
| 3. Medlem | Arve Dahl (V) |
| 4. Medlem | Kjell Haugland (Ap) |
| 5. Medlem | Brit Lien (H) |

Vara:

1. Jan Ove Lotsberg (Sp)
2. Rita Nyland (Ap)
3. Brit Moa (V)
4. Arild Lillebø Opsal (H)
5. Magnhild Bjørlo (Sp)
6. Sonja Edvardsen (Ap)
7. Jon-Reidar Eikås (V)

Ingen tilsette i Eid kommune kan vere medlem eller varamedlem i kontrollutvalet. Sonja Edvardsen er tilsett i Eid kommune og kan dermed ikkje vere varamedlem og vart teken ut av lista.

Det vart røysta over revidert listeframlegg:

- | | |
|--------------|-----------------------------|
| 1. Leiar | Ole Reinhardt Bugjerde (Sp) |
| 2. Nestleiar | Jorunn Sandvik (SV) |
| 3. Medlem | Arve Dahl (V) |
| 4. Medlem | Kjell Haugland (Ap) |
| 5. Medlem | Brit Lien (H) |

Vara:

1. Jan Ove Lotsberg (Sp)
2. Rita Nyland (Ap)
3. Brit Moa (V)
4. Arild Lillebø Opsal (H)
5. Magnhild Bjørlo (Sp)
6. Jon-Reidar Eikås (V)

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-119/15 VEDTAK:

Kontrollutval 2015-2019:

- | | |
|--------------|-----------------------------|
| 1. Leiar | Ole Reinhardt Bugjerde (Sp) |
| 2. Nestleiar | Jorunn Sandvik (SV) |
| 3. Medlem | Arve Dahl (V) |
| 4. Medlem | Kjell Haugland (Ap) |
| 5. Medlem | Brit Lien (H) |

Vara:

1. Jan Ove Lotsberg (Sp)
2. Rita Nyland (Ap)
3. Brit Moa (V)
4. Arild Lillebø Opsal (H)
5. Magnhild Bjørlo (Sp)
6. Jon-Reidar Eikås (V)

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	22.10.2015	027/15	OST
Formannskapet	22.10.2015	188/15	OST
Oppvekst- og kulturutvalet	29.10.2015	008/15	OST
Helse-og sosialutval	29.10.2015	005/2015	OST
Teknisk-og samfunnsutval	29.10.2015	005/2015	OST
Kommunestyret	12.11.2015	136/15	OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	15/487

Økonomirapportering pr 31.08.2015

Prenta vedlegg:

Økonomirapportering drift pr 31.08.2015

Økonomirapportering investering pr 31.08.2015

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunens økonomireglement kap 6.1

Saksutgreiing:

Eid kommune sitt økonomireglement set krav til at det skal utarbeidast økonomiske rapportar til politisk handsaming pr 30.04 og 31.08 kvart år.

Vedlagt følgjer slik rapport over den kommunale drifta og over dei kommunale investeringane. Dei kommunale føretaka inngår også i rapporteringa.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teke til vitande.

22.10.2015 FINANSUTVALET**FSU-027/15 VEDTAK:**

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teke til vitande.

22.10.2015 FORMANNSKAPET**F-188/15 VEDTAK:**

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teken til vitande.

29.10.2015 HELSE-OG SOSIALUTVAL

HSO-005/2015 VEDTAK:

Som rådmannen si tilråding, samrøystes.

29.10.2015 OPPVEKST- OG KULTURUTVALET

OK-008/15 VEDTAK:

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teken til vitande. Samrøystes vedteke.

29.10.2015 TEKNISK-OG SAMFUNNSUTVAL

TSU-005/2015 VEDTAK:

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teken til vitande.

12.11.2015 KOMMUNESTYRET

KS-136/15 VEDTAK:

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret, om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 31.08.2015, vert teke til vitande.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



Eid kommune

ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.15

.....

Løn pr. 31.08.15 for Eid kommune: (samla hittil i år)

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	294.978.000	186.249.000	195.503.000		
Refusjonar	0	0	-9.264.000		
Netto løn	294.978.000	186.426.000	186.239.000	-187.000	63,14 %

Budsjettgrense for forbruk av løn pr. 31.08.15 for kommunen samla sett er på 63,2 %, vurdert ut frå tidlegare års forbruk av løn på same tid. Forbruk løn pr. 31.08.15 er på kr 187.000,- under budsjett. Det er varierende avvik innafor det enkelte rammeområde, noko som kan gje ei utfordring samla sett ved årsslutt. Dette er omtalt meir i detalj under det enkelte rammeområde sin kommentardel.

Vurdering av nokre hovudsummer utanom løn:

Rammetilskot

Det er budsjetttert med eit rammetilskot på kr 155.182.000,-. Dette er justert tal frå revidert nasjonalbudsjett (RNB). Kommunen får dette utbetalt fordelt på 10 terminar i løpet av året.

Skatteinntekt/inntektsutjamning:

Opprinneleg utgjorde disse to postane kr 148.328.000,- i kommunen sitt budsjett for 2015. Dette er tal som var lagt til grunn i statsbudsjett for 2015. Etter justeringar i RNB blei anslaget for skatteinntekt og inntektsutjamning til Eid kommune redusert med kr 984.000,-, og kommunestyret vedtok budsjettendring i juni der disse postane samla blei redusert til kr 147.384.000,-. Dette har samanheng med at skatteinngangen for landet i 2014 blei lågare enn det som blei lagt til grunn i nasjonalbudsjettet for 2015, samtidig som skatteinngangen for 2015 er justert ned.

Skatteinntekta pr. 31.08 er på kr 83.037.000,-. Dette er kr 505.000,- over fordelt budsjett for 2015, jf tabell nedanfor. Samla skatteinntekt og inntektsutjamninga hittil i år er på 64,4 % av budsjettet. Hittil i år har Eid kommune ein auke i skatteinntekta på 4,9 % i forhold til same periode i fjor. På landsbasis har kommunane ein auke på 4,8 %. Nasjonalbudsjettet la opp til ein vekst på 5,6 % i forhold til 2014. RNB legg no opp til ein vekst på årsbasis på 4,6 % i forhold til 2014.

Inntektsutjamninga varierar alt etter om kommunen har ei betre eller dårlegare skatteinntekt målt mot landsgjennomsnittet. Pr 31.08 har kommunen fått 59,0% av det budsjetterte beløpet på kr 18.391.000,-. Dette er om lag kr 1,3 mill lågare enn det bør vere pr 31.08.

Det er vanskeleg pr. i dag å seie eksakt korleis skatteinntekt og inntektsutjamning vil vere ved årsslutt samanlikna mot budsjett, men foreløpig ligg Eid om lag kr 0,8 mill på etterskot samla sett.

Alle tal i tusen	Rekneskap skatt 2014	Budsjett skatt 2015	Rekneskap skatt 2015	Rekn.- budsj pr. mnd.	Rekn.- budsj akkumulert	Inntekts- utjamning	Ramme- tilskot
BUDSJETT:		128 993				18 391	155 182
JANUAR	15 982	16 500	15 485	-1 015	-1 015	2 295	15 415
FEBRUAR	399	700	500	-200	-1 215	497	15 415
MARS	20 187	21 900	21 665	-235	-1 450	3 099	15 415
APRIL	916	1 000	484	-516	-1 966	870	15 415
MAI	23 670	23 900	23 988	88	-1 878	3 868	15 415
JUNI	930	932	1 706	774	-1 104	55	15 415
JULI	15 945	16 500	17 432	932	-172	-68	17 714
AUGUST	1 105	1 100	1 777	677	505	266	-
SEPTEMBER	21 304	22 061					
OKTOBER	516	500					
NOVEMBER	22 902	23 300					
DESEMBER	577	600					
TOTAL	124 433	128 993	83 037			10 882	110 204

Avkastning på overskotslikviditet ved ”aktiv forvaltning”

Grunnlaget her er kr 73.000.000,- frå sal av eigarskap i energiverk. Midlane blei plassert til aktiv forvaltning gjennom eksterne forvaltarar i 2000 og 2001. Kommunen har ikkje teke ut all likviditeten ved tidlegare års avkastning, slik at pr. 01.01.15 hadde porteføljen ein verdi på kr 121.565.000,-. Avkastninga er likevel brukt i rekneskapen for kvart år, delvis til drift og delvis til avsetning til disposisjonsfond.

For 2015 er det budsjettert med ei avkastning på kr 6.600.000,-. Pr. 31.08.15 er avkastninga på kr 3.643.000,-. Dette tilsvarar ei avkastning på 3,0 %. Ved rein lineær avkastning er dette om lag kr 0,8 mill under budsjett.

I løpet av september har avkastninga gått ned med kr 1,2 mill, slik at den pr. 30.09.2015 er på kr 2,4 mill.

Etter at sentralbanken sette styringsrenta ned til 0,75% i sept, har framtidig utsikter for avkastning i rentemarknaden gått ytterlegare ned. Finansmiljøa spår avkastning frå 0 til 1,0% i obligasjonsmarknaden dei næraste åra. Blir det null-avkastning på rentedelen (65% av porteføljen), så er det større risiko for å få minusavkastning samla sett. Om ikkje føreset det at aksjemarkanden uansett må gje veldig god pluss-avkastning. Dei siste månadane har aksjemarkanden vore veldig uroleg, med negativ avkastning som resultat. Det må vurderast kva kommunen skal gjere med dei plasserte midlane, for å unngå negativ avkastning i dei komande åra.

Renteutgifter - renteinntekter

I budsjettet ligg det inne kr 11.307.000,- til dekning av renteutgifter på kommunen sine lån. Dette tilsvarar ei gjennomsnittleg rente på omlag 1,80 % for 2015. Det er venta at lånerenta skal halde seg låg ut året, og at faktisk renteutgift vil bli om lag som budsjettert.

Renteinntektene frå bankinnskot ser foreløpig ut til å kunne bli omlag kr 0,5 mill over budsjett. Det er budsjettert med kr 2.290.000,- på denne posten for 2015. Årsaka til meirinntekt er større del av ubrukte lånemidlar enn det som var lagt til grunn i

budsjettet. Disse midlane er plassert i bank inntil dei blir brukt på investeringsprosjekta.

Pensjonsutgifter – premieavvik

Kommunane har i september fått ny prognose frå KLP for pensjonspremie, premieavvik, pensjonsutgift og bruk av premiefond. Premieavvik er differansen på fakturert premie frå KLP og den berekna pensjonsutgifta kommunen skal føre i rekneskapen. Samla sett ser det ut som kommunen vil få noko lågare pensjonsutgift enn det som ligg i budsjettet for 2015. Men dette vert ikkje avklart før endeleg aktuarberekning kjem frå pensjonsselskapa kring 1. februar 2016. Det er for 2015 budsjettert med pensjonsutgift på om lag kr 31,0 mill samla sett for KLP og Statens Pensjonskasse.

Andre postar under ansvar 8000 (felles inntekter/utgifter)

Andre postar som avdrag på lån og flyktningtilskot vil med det ein ser i dag bli om lag som budsjettert for året samla sett.

Rammeområda sine vurderingar

Viser til rapportar pr rammeområde pr. 31.08.2015, som følgjer vidare utover i dette dokumentet.

Rapport frå kommunale føretak

Sist i dette dokumentet følgjer rapport frå Eid Industrihus KF og Eid Fjordvarme KF pr 31.08.2015.

Sentraladministrasjonen

ØKONOMIRAPPORT PR: 31.08.15

Samla vurdering:

Sentraladministrasjonen har samla sett forbruk om lag som budsjett.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	22.080.000	13.955.000	14.054.000		
Refusjonar	0		-367.000		
Netto løn	22.080.000	13.955.000	13.687.000	-268.000	61,98 %

Budsjettgrense for forbruk av løn pr. 30.04.15 er på 63,2 %, vurdert ut frå eit tilnærma lineært årsforbruk for heile kommunen. Forbruket innafor sentraladministrasjonen pr. 31.08.15 er på 61,98 %. Storparten av underforbruket kjem frå møtegodtgjersle til politiske utval. Dette vil ta seg opp dei fire siste månadane i året, noko gjer at forbruk løn kan bli nær budsjett når året er omme.

Andre postar:

Andre kostnader og inntekter er om lag som budsjett pr. 31.08.15

Nordfjordeid 03.10.15

Ole Starheim
økonomisjef

Oppvekst og kultur

ØKONOMIRAPPORT PR: 31.08.15

Samla vurdering:

Oppvekst- og kulturområdet har eit lite underforbruk på løn. Sektoren ligg likevel noko over forbruket i høve 31.08.14.

Barnehagane ligg om lag som budsjettert forbruk på løn.

Skulane har samla sett eit lite underforbruk på løn.

Musikk- og kulturskulen ligg om lag som budsjettert forbruk på løn.

Operahuset ligg med eit underforbruk på løn.

Løn pr. 31.08.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	103.372.000	65.331.000	68.264.000		
Refusjonar	0	0	-3.130.000		
Netto løn	103.372.000	65.331.000	65.134.000	-197.000	63,01

Andre kostnader:

- Barnehagane. Betalingssatsane på barnehageplassar er gjennom forskrift endra for einskilde grupper. Det er innført gratis kjernetid på 20 timar per veke for 4 og 5 åringar. Dette gjeld for born der foreldre har ei samla brutto inntekt på under kr. 405 000,-. I tillegg er det innført redusert foreldrebetaling for barnehagebarn der foreldra har ei samla bruttoinntekt på under kr. 473 000,-. Per august er kome inn 14 søknader på redusert foreldrebetaling, og dette utgjer ein reduksjon på inntektene på om lag kr 150 000,- for hausten 2015.
- Tilskota til dei private barnehagane per 31.08.15 er om lag som budsjettert.

Inntekter:

- Inntektene på Operahuset. Ein er avhengig av høge salstal på billetter for å få budsjetterte inntekter.

Spesielle forhold:

- Kostnader av eventuelle nye tiltak innan barnevern og for nye gjesteelevar i andre kommunar, kan auke utover hausten.

Nordfjordeid, 02.10.2015.

Harald Sivertsen
kommunalsjef

Pleie og omsorg

ØKONOMIRAPPORT PR: 31.08.15

Samla vurdering:

Samla netto budsjettramme i 2015 er på kr 64 278 000,-.

Brutto lønsbudsjett er på kr 70 952 000,-.

Andre driftsutgifter er budsjetterte med kr 10 966 000,-.

Inntekter er budsjetterte med kr 17 640 000,-.

Løn pr. 31.08.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	70.952.000	44.842.000	47.362.000		
Refusjonar	0	0	-2.311.000		
Netto løn	70.952.000	44.842.000	45.051.000	209.000	63,50

Budsjettgrense for forbruk løn pr. 31.08.15 er på 63,20 %, vurdert ut frå eit tilnærma lineært årsforbruk. Forbruket pr. 31.08.15 er på 63,5 %, som er over totalt lønsbudsjett for pleie og omsorg. Pleie- og omsorgstenestene har «tyngst» lønsutbetaling (periodisering) i juli, august og september. Dei siste tre månadane i året er dei lågaste vedkomande lønsugift, og kan gjere at ein kjem nærare budsjettet ved årsslutt.

Heimetenesta, ansvar 3110: Underforbruk på kr 174 000,-.

Eid Sjukeheim, ansvar 3120: Overforbruk på kr 546 000,-. Dette skuldast mellom anna sjukmeldingar sommar 2015, og behov for vikarar, overtid etc.

Eid Eldretun, ansvar 3130: Overforbruk på kr 492 000,-. Sjå punkt under «spesielle forhold».

Psykiatritenesta, ansvar 3140: Underforbruk på kr 582 000,-. Må sjåast i samanheng med innkjøp av tenester frå vikarbyrå og refusjonar for ressurskrevjande brukarar..

Det reelle forbruket når det gjeld løn er høgare. Heimetenesta, psykiatritenesta og Eid Eldretun har kjøpt tenester frå vikarbyrå. Kostnadene blir utgiftsførte under «Andre kostnader», ikkje under «Løn». T.d. ligg heimetenesta med eit underforbruk løn på kr 174 000,-, men har måtta kjøpe vikartenester for å kunne yte forsvarlege tenester under ferieavviklinga.

Andre kostnader:

Det totale forbruket på driftspostar utanom løn ligg også noko høgt i forhold til lineært forbruk. Dei største driftspostane er vaskeriteneste, medisin, medisinsk forbruksmateriell og mat/institusjon. Det er desse postane som får størst konsekvensar ved eit evt. overforbruk. I utgangspunktet er alle postar stramt budsjetterte og krev nøyen oppfølging resten av året.

Utgifter til vikarar vert budsjetterte under «andre kostnader», og forbruket er på kr 500 000,- i heimetenesta, kr 77 000,- ved Eid Eldretun, kr 163 000,- i psykiatritenesta.

Inntekter:

Totalt ligg tenestene litt under der dei bør vere i høve til budsjetterte inntekter. Dei største inntekstpostane er vederlag for opphald i institusjon. Både Eid Sjukeheim og Eid Eldretun ligg noko under budsjettet når det gjeld vederlag/betaling for opphald.

Spesielle forhold:

- Eid Eldretun har ei utfordring generelt når det gjeld løn, og det er behov for nøyen oppfølging resten av året. Det er gjort oppjustering i budsjettet for 2016 når det gjeld variabel løn, t.d. ferievikarar/vikarar og tillegg, som har vore underbudsjettert. Ein slik analyse og oppjustering vart også gjort for Eid Sjukeheim i budsjettet for 2015.
- Behovet for kjøp av vikarar frå vikarbyrå er vanskeleg å føresjå. Eid er vertskommune for institusjonar i andrelinetenesta, og har fleire personar med omfattande hjelpebehov, også frå nabokommunar, som har valt å busetje seg i Eid.
- Ordninga med multidose er under arbeid, det er lyst ut felles anbod for Nordfjord. Stipulerte kostnader og refusjonar er lagde inn i budsjettet for 2016. Eid kommune skal starte opp med ordninga i heimetenesta, og ha opsjon på dei andre avdelingane/institusjonane.
- Psykiatritenesta må styrkast med to årsverk frå 01.12.15. Styrkinga kjem inn under ordninga ressurskrevjande brukarar.

Nordfjordeid, 05.10.15

Kari Krogh

Kommunalsjef

Helse og sosial

ØKONOMIRAPPORT PR: 31.08.15

Samla vurdering:

Ansvar 3200 Legetenesta i Eid: Underforbruk på kr 186 000,-.

3210 Interkommunale tenester: Eid kommune sin eigendel i legevakta i 2015: kr 1035 000,-.

Ansvar 3220 Helsesøstertenesta. Eit lite underforbruk. som budsjettert.

Ansvar 3400 Flyktningtenesta. Eit lite meirforbruk, skuldast sein utbetaling av tilskot.

Ansvar 3500 Sosialtenesta. Eit lite meirforbruk, skuldast sein utbetaling av tilskot.

Ansvar 3600 Barnevern. Om lag som budsjettert forbruk på løn.

Ansvar 3700 Vernepleie. Overforbruk løn på kr 588 000,-. Dette er lønsutgifter som ikkje er budsjetterte i 2015, både når det gjeld dagtilbod og avlastingstiltak.

Ansvar fysioterapi. Underforbruk på kr 9000,-.

Løn pr. 31.08.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	70.185.000	44.357.000	47.311.000		
Refusjonar	0	0	-2.734.000		
Netto løn	70.185.000	44.357.000	44.577.000	220.000	63,51

Ansvar 3200 Legetenesta i Eid:

Det er tilsett ny fastlege i ledig heimel frå 01.10.15.

Fastlegane har vakt berre på dagtid frå 01.02.15. Det er bestemt at kvar kommune i 2015 skal overføre kr 160 000,- frå lokal legevakt til interkommunal legevakt. Det er stipulering av kostnader som kommunane sparar på overføring av kveldsvakter til den interkommunale legevakta.

3210 Interkommunale tenester:

Ny og styrka legevakt frå 01.02.15. Alle legane har fastløn.

Det er oppretta 1,06 årsverk i legevaktformidlinga frå 01.09.15, pga naudnettet og at det skal vere bemanna legevaktformidling/-telefon heile døgnet.

Ansvar 3220 Helsesøstertenesta:

Totalt forbruk på løn 62,42%.-.

Ansvar 3230 Fysioterapiteneste:

Totalt forbruk på 66,1%.

Ansvar 3400 Flyktningtenesta:

Totalt forbruk på løn 57,3 %. Forbruket er tilsynelatande lågt, dette skuldast ny stilling frå 01.08, så lønsforbruket vil auke resten av året. Totalt forbruk 69 %.

Inntekter:

Utbetalingsordninga til vaksenopplæringa er endra, og berre kr 32.000 er betalt ut til Eid kommune av 1,9 mill som er budsjetttert. Sluttsum er svært usikker. Mange flyktningar har fått norskopplæring i mottak, dette reduserer tilskotet til Eid kommune.

Ansvar 3500 Sosial tenester

Totalt forbruk løn 53,9 %. Lønsrefusjonar til NAV er trekt etter 31.08.
Totalt forbruk 70%.

Spesielle forhold:

NAV Eid har to aktive prosjekt der Eid kommune får prosjektmidlar frå Arbeids- og Velferdsdirektoratet/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- Gjeldsprosjektet i Nordfjord– kommunal eigendel på knappe 50.000 for heile 2015.
- Bustadprosjektet– fullfinansiert av prosjektmidlar ut 2015.

Høgt totalt forbruk skuldast at statstilskot og refusjonar frå andre kommunar ikkje er motteke pr 31.08.

Ansvar 3600 Barnevern:

Inntekter:

Ein har fått inn lite av refusjonane frå staten. Dei kjem i slutten av året.

Ansvar 3700 Vernepleie

Andre kostnader: Det er budsjetttert med kr 2 874 000,-, og det er brukt kr 3 086 000,- pr 31.august. Overforbruket skuldast i hovudsak kjøp av vikartenester (kjøp av tenester frå private). Pr 31.08. er det brukt kr 585 000,-. Eitt av tiltaka har måtta auka opp bemanninga (ikkje budsjetttert), i tillegg til at det er behov for vikarar for sjukmelde (ikkje budsjetttert) i einskildtiltak. Utgiftene må sjåast i samanheng med tilskot til ressurskrevjande brukar.

Elles er det sagt opp ein avtale om kjøp av tenester (frå august 2015), slik at denne posten har jamna seg noko ut.

Spesielle forhold:

- Behovet for ressursar aukar. Utfordringane er store og omfattande, og arbeidet med rekruttering til dei ulike tenestene er også vanskeleg. Behov kan oppstå akutt, og i periodar har vikarbyrå vore einaste alternativet.
- I samband med arbeidet med budsjett 2016, vert det gjort ei opprydding i heimlar, og det skal innførast årsturnus. Målet er å unngå bruk av vikarbyrå.

Nordfjordeid 05.10.2015

Kommunalsjefane

Teknisk rammeområde

ØKONOMIRAPPORT PR: 31.08.15

Samla vurdering:

Budsjettrammene er svært trange. Kostnadsnivået ligg for høgt i alle avdelingar, og samla forbruk er 78 % av budsjett.

Løn pr. 31.08.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 31.08.15	Rekneskap pr. 31.08.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	28.389.000	17.942.000	18.513.000		65,21
Refusjonar	0		-723.000		
Netto løn	28.389.000	17.942.000	17.790.000	-152.000	62,41

Lineært lønsforbruk utgjør 63,2 % ved utgangen av august, så samla for området er avvika små.

Ansvar 4200 Beredskap/førebygging har eit meirforbruk på løn på kr 77.500.

Meirforbruket skuldast overtid og utrykningar/øvingar som vanskeleg let seg avgrense.

Andre kostnader:

Ansvar 4400 vegar og gater: Samla forbruk 66 % av budsjettet. Brøytekostnad (private brøytarar) ligg 500.000 kr over fjoråret. Også kostnader knytt til internkontroll ligg høgt. Samla kostnad ligg 500.000 kr høgare enn på tilsvarende tidspunkt i fjor. Budsjettsprekk på ansvar 4400 var 1,1 mill kr 2014. I år er budsjettet auka med 700.000 kr, men forbruk resten av året må likevel reduserast til eit minimum om ein skal ha von om å halde seg innanfor rammene.

Ansvar 4600 bygg og eigedom: Samla forbruk 71 % av budsjett. Straumkostnad ligg høgt samanlikna med budsjett, og kr 400.000 høgare enn tilsvarende tidspunkt i fjor.

Inntekter:

Ansvar 4100 plan og utvikling: Gebyrinntektene ligg svært lågt, berre kring 45 % av budsjett. Vi kan ikkje rekne med å nå budsjettmåla.

Spesielle forhold:

Kommunen skifta straumleverandør etter anbudskonkurranse i 2014. Høgare straumkostnader skuldast prisauke, og ikkje auka forbruk. Dette har særleg innverknad på ansvar 4600, men også andre område vert belasta.

Det har elles vore tilsyn på gatelys (eltilsyn), det det er påvist ei rekke avvik. Det er ikkje økonomi til å lukke avvika innanfor tildelt driftsbudsjett.

Nordfjordeid 05.10.2015

Elin Leikanger
Kommunalsjef

Eid Industrihus KF

Økonomirapport pr. 31.08.2015

Samla vurdering:

- Driftsbudsjettet: Endring av driftsbudsjett vart godkjent i eiga sak på styremøtet 03.06.15 .Endringane har m.a. bakgrunn i rentebinding på 2 av låna, samt at den flytande lånerenta på resten av låneporteføljen er låg.
- Det er registrert mindre avvik i driftsbudsjett . Leige av lokale for Statens Vegvesen i Malko -bygget var ikkje tatt med i årets budsjett.
- Investeringsbudsjettet: Det er registrert budsjettavvik når det gjeld prosjektet Eid Næringspark (Stokkenes-Myklebust). Avvika er så store at utgiftsramma i prosjektet må aukast. Når oversikta over attståande utgifter er kvalitetssikra, vil eiga sak om utvida utgiftsramme bli lagt fram til politisk handsaming. Det vert vist til eige punkt i denne rapporten når det gjeld ytterlegare omtale av investeringsprosjekt. Det er registrert budsjettavvik på LA-Bygget , dette er avvik i postar i beskrivelsen som med fører økonomisk avvik. Det er og utført nokre tilleggsinvesteringar som var naudsynte i forbindelse med prosjektet. Desse investeringane er uforutsett aktivitet som har komt fram under prosjektet. Når oversikta over attståande utgifter er kvalitetssikra, vil eiga sak om utvida låneopptak bli lagt fram til politisk handsaming.

Dagleg leiging:

- Dagleg leiar driftar og utfører administrative oppgåver i den daglege drifta, sal og marknadsføring av næringseigedomar, samt oppfølging og prosjektleiing av dei ulike prosjekta. Ingen spesielle avvik her.

Andre driftsutgifter og finansutgifter:

- Driftsutgiftene er som budsjettet og det er ingen spesielle avvik driftsutgifter,.
- I opprinneleg driftsbudsjett var budsjettet avdrag for lågt for 1 av låna. I tillegg var det ikkje innarbeidd avdrag og rente for utvida låneopptak Dagsenter Langeland. Det er inngått fastrenteavtale for 3 år på to av låna, samt at den flytande renta på resten av låneporteføljen er lågare enn budsjettet. Samla sett medfører dette at det ligg an til at sum renter og avdrag blir noko lågare enn i opprinneleg budsjett.
- Det planlagde industribygget på Langeland Næringspark har kommunestyret i juni godkjent låneopptakt . Låneopptaket er ikkje løyst ut enno.

Driftsinntekter og finansinntekter:

- Leigeinntekt frå Malakoff 2 er som budsjettet.
- Leigeinntekt frå LA-bygget er som budsjettet.
- Utleige av dagleg leiar til Eid Kommune: Eid kommune har leigd inn dagleg leiar i Eid Industrihus KF som ITB-koordinator i byggeprosjektet ny sjukeheim. Hovudoppgåva er å koordinere m.a. velferdsteknologien mellom leverandør og brukar, samt koordinere grensesnittet til den øvrige tekniske infrastrukturen i prosjektet.

- Utleige av dagleg leiar til EKS (Energikompetansesenteret): Energikompetansesenteret har leigd inn dagleg leiar i Eid Industrihus KF som prosjektleiar for velferdsteknologi på m.a. prosjekt for LAB-leilegheit på Eid og ei opplæringsleilegheit som er eit samarbeidsprosjekt mellom Eid og Stryn vidaregåande skuler.
- Renteinntekter ser ut til å bli høgare enn budsjettert, p.g.a. at det dei første månadene av 2015 har stått meir ubrukte lånemidlar på bankkonti enn rekna med i opprinneleg budsjett.

Investeringsprosjekt:

- Eid Næringspark (Stokkenes – Myklebust): Totalt i prosjektet er det vedteke lån på kr 13 millionar (lån overtatt frå kommunen) og lån til infrastruktur på kr 10 millionar. Kr 6 millionar av lånet til infrastruktur er tatt opp. Det er registrert budsjettavvik på dette prosjektet. Avvika er så store at utgiftsramma i prosjektet må aukast. Når oversikta over attståande utgifter er kvalitetssikra, vil eiga sak om utvida utgiftsramme bli lagt fram til politisk handsaming. Prosjektet for infrastruktur er ferdigstilt, registersterte avvik ved ferdigbefaring er under utbetring samt garasje til oppsittar er under oppføring.

Dagleg leiar vil førebels peike på følgjande punkt som avviker kontraktsarbeider:

1. Grunnarbeid for eksisterande infrastruktur som ikkje har vorte gjort kjend i planleggingsfasen. Årsaken til at dette ikkje har vorte gjort kjend er at det er manglande dokumentasjon og registrering på tidlegare utført arbeid.
 2. Eksisterande leidningsnett hadde for liten dimensjon og kapasitet og er erstatta med nytt leidningsnett med større kapasitet. Det var også leidningsnett som var i dårlig forfatning og måtte erstattast med nytt leidningsnett.
 3. Sluttutbetaling til grunneigarar for grunnkjøp inkl. påløpte renteutgifter.
 4. Planløyising på tilkomstveg til oppsittar er endra, p.g.a. at løysinga var lite formålstenleg. Ein konsekvens av dette er at vi har vore nøydd til å sanere ein garasje og sette opp ny garasje til oppsittar.
 5. Etablering av ny nettstasjon til SFE-straumforsyning til næringsområdet. Denne avtalen er utanom hovudkontrakt. Leveranse og utføring er mellom SFE og Eid Industrihus KF.
 6. Veglys: Det er lagt opp til belysning av tilkomstveg og gangveg i næringsområdet.
 7. Fjordvarme: Det er etablert knutepunkt for tilkopling av fjordvarme i næringsområdet.
 8. Kommunal fiber-tilknytning av ny kloakkpumpestasjon, samt tilknytning og utviding av ny gjennomgåande kommunal fiber i området.
 9. Spillvann og vatn – omlegging internt i eksisterande bygg .
 10. Attståande grunn som ikkje har vore registert , utkjøp av eigedom.
- LA-Bygget er ferdigstilt og leigetakarar har tatt bygget i bruk. Prosjektet har påkosta byggmessige utbetringar i den eksisterande delen av bygget samt ekstra opparbeiding og fast dekke utvendig som har medført

tilleggskostnader som ikkje er finansiert opp i prosjektet.

Tilleggskostnadane er regulert inn i leigekontrakt

- Det planlagde industribygget på Langeland Næringspark har fått godkjent låneopptakt ref. kommunestyresak.... Låneopptaket er ikkje innfridd enno, årsaken til dette er i påvente av innkomande tilbod på entreprisen.

Nordfjordeid, 31.08.2015

Svein Otto Melheim

dagleg leiar

Eid Fjordvarme KF

Økonomirapport pr. 31.08.2015

Samla vurdering:

- Drift: Avvik i utgifter og inntekter ligg ut frå ei nettovurdering innanfor budsjettert ramme. Prognose for resultat i 2015 er om lag som budsjettet.
- Investeringsprosjekt: Ingen spesielle kommentarar.

Dagleg leiing:

- Drift: Utgiftene for leige av frå Fjordvarme AS til oppfølging av drift ligg over budsjettert nivå. På Fjordvarmeområdet er prognosen ein auke på kr 40.000, der årsaka arbeid knytt til nye tilknytingar og lokalisering av veksjarhus nr. 2. På gassområdet er prognosen kr 30.000 der årsaka er tilsyn på EL-anlegget på LNG-terminalen og behov for oppgradering av internkontrollsystemet. Dette har likevel ikkje innverknad på resultatet. På fjordvarmeområde inngår alle utgifter i leiga på sjølvkostområdet, som vert betalt av Fjordvarme AS. På gassområdet inngår oppfølginga i fastleddet som kundane skal betale for.

Andre utgifter drift:

- Innleige av andre tenester og utgifter knytt til drift av gass ligg noko under budsjettet, prognose ca. kr 30.000.
- Kjøp av gass ligg noko høgare enn budsjettert. Opprinneleg var det lagt til grunn at eit kondenseringsanlegg ville vere på plass i løpet av året og dette

ville ha redusert behovet for å bruke så mykje gass. Det blir tilsvarende auke på inntektene, dvs. ingen konsekvens for resultatet.

- Kapitalutgiftene vil gå litt ned, om lag kr 40.000, på grunn av noko lavare rentenivå og seinare tidspunkt for nytt låneopptak enn budsjettert.

Inntekter:

- Leigeinntekt frå Fjordvarme AS, andel fjordvarme: Leigeinntekta frå Fjordvarme AS på fjordvarme-området forventast å bli noko større enn budsjettert, på grunn av meirutgifter knytt til oppfølging av drifta. Ut over dette, blir det betalt eit tillegg på kr 100.000 for nedbetaling av tidlegare års underdekning.
- Leigeinntekt frå Fjordvarme AS for gassområdet vil kome til å auke noko på grunn av auka forbruk i høve til budsjettet.
- Finansinntekter vil bli noko redusert, ca. kr 20.000, som følgje av nedgang i rentenivå.

Investeringsprosjekt:

Oppsummert:

- Så langt i 2015 har det vore lite arbeid med oppfølging av prosjekt. Arbeid med lokalisering av tomt for vekslarhus nr. 2 er ført på drift. Det ventast at prosjektet kjem i gong i haust. Framdrifta heng saman med lokalisering og koordinering opp mot pågåande byggeprosjekt langs Sjøgata. Det blir lagt fram ei økonomisk vurdering knytt til drifta for styret når lokaliseringa er klarlagt.
- Det er avklart at nytt kjøpesenter ved Sjøgata blir knytt til fjordvarmeanlegget, no som var avgjerande for å kunne gå vidare med investeringa knytt til eit nytt vekslarhus.

Kommentar til dei ulike delprosjekta:

- Prosjekt 1023 Tilknyting/oppfølging-fjordvarme: I hovudsak har dette arbeidet vore oppfølging av vegprosjekt på Stokkenes.
- Prosjekt 1022, LNG-anlegg og kundeskap-gass: Vidare investeringar knytt til automatikk og SD-anlegg er førebels utsett. Forsyning av gassnettet frå CNG-flasker i sommarhalvåret let seg ikkje gjere i 2015 då leverandøren ikkje kunne levere til nye kundar.

Nordfjordeid,30.09.2015

Magne Hjelle
dagleg leiar

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

Følgjande investeringsprosjekt har budsjettmidlar for 2015:

	Buds(end) 2015	Regnskap 2015	Avvik(per.) 0
1002 Eigenkapitalauke KLP	850.000	874.174	24
1006 Eigarskap i selskap	1.720.000	1.723.569	4
1009 Startlån	0	520.000	520
1033 Fiber felles Nordfjord	1.455.000	0	-1.455
1034 Fiber krinsskulane i Eid	301.000	139.098	-162
1040 Trådløst nett - rådhuset	110.000	61.333	-49
1041 IKT felles frå 2014	1.322.000	0	-1.322
1150 Inv.tilskot Fellesrådet	2.460.000	0	-2.460
2205 Bosskur skular/bhg	400.000	0	-400
2206 IKT-utstyr skulane i Eid	612.000	375.794	-236
2605 Inventar Vallhall og Eid Idrettshus	346.000	0	-346
3604 Sengar/utstyr institusjonane	181.000	0	-181
4005 Digitalt planarkiv	201.000	90.418	-111
4009 Investeringar brannvesenet 2013	193.000	0	-193
4105 Badstutomta i Eidskata	170.000	115.737	-54
4106 Klatrepark i kyrkjeparken	1.200.000	1.262.354	62
4218 Tiltak vassledn.nettet	1.769.000	62.400	-1.707
4231 HOLMØYANE VA-UTBYGGING	0	199.314	199
4240 Tiltak hovudplan avløp	4.859.000	710.998	-4.148
4246 Hornindalsv. VA - hovudutbygging	25.471.000	5.179.848	-20.291
4339 Utbyggingsavtale veg til Lunden	449.000	0	-449
4344 Gangveg RV 15/E 39	0	5.624.836	5.625
4350 Tiltak kommunedelplan veg	2.621.000	492.549	-2.128
4351 Maskiner driftsavd	625.000	313.310	-312
4355 Trafikktryggingstiltak 2014	225.000	0	-225
4455 Nordfjordeid skule - byggesteg 2	524.000	0	-524
4461 Kjøp/tilpassing seksjon Eid Ind.hus	167.000	0	-167
4464 Psykiatribustader Høgebakkane	710.000	0	-710
4465 Ny sjukeheim/omsorgssenter	71.994.000	1.151.312	-70.843
4466 Golvsengane barnehage	581.000	0	-581
4469 Haugen skule - utbygging	241.000	486.210	245
4476 Eldretunet - fjordvarme+ventilasjon	4.346.000	6.690	-4.339
4479 Elvebøen - arbeidsrom 2012	1.298.000	2.000	-1.296
4480 Låssytem kommunale bygg	854.000	141.748	-712
4484 Stårheim skule 2013	4.121.000	0	-4.121
4485 Flyktningbustader 2013	1.059.000	78.518	-980
4486 ENØK-tiltak Eid Idrettshus 2013	2.494.000	0	-2.494
4487 Hovudplan bygg	2.844.000	518.531	-2.325
4488 Bustadsos handl.plan	29.101.000	12.163.440	-16.938
4489 Nytt serverrom rådhuset 2013	1.000.000	119.402	-881
4490 Fleirbrukshall Nordfj.eid skule	21.250.000	337.843	-20.912
4491 Garderobe Heimetenesta	1.820.000	120.778	-1.699
4508 ENØK-sertifisering komm. bygg	262.000	25.287	-237
4602 Sal av grunn/tomter	0	11.695	12
4610 Næringsareal Nordøyane sør for Fargarelva	23.123.000	50.690	-23.072
4615 Eidselva - flomsikring Øyane	0	181.522	182
4708 Kjølisdalen bustadfelt	1.478.000	0	-1.478
4711 Golvsengane bustadfelt	188.000	0	-188
4715 Hågaåsen - Langelandsåsen bustadfelt	19.832.000	1.978.582	-17.853
4720 Stårheim bustadfelt - Torvik 2	4.570.000	0	-4.570
8603 Profilering av Eid	0	20.625	21
9999 MANGLANDE FINANSIERING	0	983.688	984
T O T A L T	241.397.000	36.124.291	-205.273

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

Prosjekt	Budsjett (kr 1000)		Framdrift - kommentarar
1033 Kommunenett Nordfjord Organisering PA - AKR PL - OST	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1455 X	I samsvar med plan ja x nei Fiberen mellom Nordfjordeid og Hornindalsvatnet er ikkje lagt (koplast saman med fiber som er lagt i Hornindalsvatnet til Grodås). Denne kjem saman med gang/sykkelveg Nordfjordeid - Hjelle. Elles er prosjektet ferdig.
1041 IKT felles investeringar Organisering PA - AKR PL - OST	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1322 X	I samsvar med plan ja x nei Midlane her vil gå til m.a. oppgradering av Acos Websak arkivsystem og oppgradering av kommunens eige serverutstyr ved oppgradering av datarommet i rådhuset til backup serverrom for Nordfjordnett.
4107 Ridesti Organisering SG - SU PA - ELE PL - EHE	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	6.375 X	I samsvar med plan ja ...x... nei Framdrift etter plan Tilbudsutlysing saman med bustadfelt Hogaåsen i veke 23 2015. Arbeidet vert utført i same entreprise som bustadfelt Hogaåsen som vart oppstarta ca. 1. sept. 2015.
4218 Tiltak vassledningsnett Organisering PA - ELE PL - KNO	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1769 62 X	I samsvar med plan ja ...x... nei
4240 Tiltak hovudplan avløp Organisering PSG-SU PA - ELE PL - KNO	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	4859 711 x	I samsvar med plan ja ...x... nei Det er lagt fram avløp til næringsareal på Haugen.

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

Prosjekt	Budsjett (kr 1000)		Framdrift - kommentarar
4246 Tiltak vassledningsnett Organisering PA - ELE PL - EHE	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	25471 5180 X X	I samsvar med plan ja ...x... nei Parsell E39 – Myklebustsætra inkludert høgdebasseng starta gjennomføring 1. sept. 2015. Parsell Mogrenda under prosjektering, oppstart febr. – mars 2015. Høgdebasseng Leivdal og parsell Korsen – Eid kyrkje ferdigprosjektert. Reinseanlegg Nord under prosjektering.
4350 Kommunedelplan veg Organisering PA - ELE PL - DPL	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	2621 493 x	I samsvar med plan ja ...x... nei Klargjering av vegar før asfaltering må utførast. Utført: Hunvikfjellet – slitelag, Fjellvegen og Kvernhusvegen, Hennebygda frå FV, Torvik bustadfelt aust for barnehagen. Asfaltering. Noko arbeid står igjen i høve til plan. Aktuelt med Holane og Huldresvadet no. Måtte omprioritere i høve til plan. Det meste utført etter 1-sept-15.
4465 Nytt omsorgsenter Organisering PSG-DU PA - KKR PL - TMY	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	71994 1.151 X	I samsvar med plan ja ...X... nei ... Byggearbeid starta. Er klaga inn til KOFA. Grunnforhandlingar pågår.
4476 Eldretunet – fjordvarme, ventilasjon Organisering PA – ELE PL - TMY	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	4346 7 X X	I samsvar med plan ja nei ...x... Det er gjort vedtak om utgreiing av fjordvarme. Alternativ blir handsama i juni 2015. Forklaring av ev. avvik: Kapasitetsproblem Blir sett fokus på hausten 2015.
4479 Elvebøen - arbeidsrom Organisering PA – REN PL - TMY	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1298 2 X	I samsvar med plan ja nei ...X... Programmering ferdig. Held på med prosjektering, men tek tid pga manglande kapasitet. Restarta hausten 2015.

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

4484 Stårheim skule 2013 Organisering PA – HSI PL - TM	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	4121 0 X X	I samsvar med plan ja nei ...X... Sist politiske avklaring i juni 2015. Etter den tid er solskjerming av bygget gjennomført, men resterande arbeid ikkje igangsatt pga kapasitetsproblem. Restarta hausten 2015.
4485 Flyktningbustader 2013 Organisering SG-DFU PA – ELE PL - ROP	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1059 78 X	I samsvar med plan ja ...x... nei Sluttrapport kan leggjast fram. Tilskot er utbetalt
4486 Enøk-tiltak Eid idrettshus Organisering PA - ELE PL - TNT	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	2494 0 x	I samsvar med plan ja nei ...x... Tilskudd er løyvd og må nyttast i 2015. Gjennomføring planlagt 2015, etter ny anbudsutlysing. Forrige anbudsrunde dekker kun halvparten av naudsynte tiltak på ventilasjon, vurdere auke ramma eller prioritere kun symjehall. Ikkje starta, gjennomføring sommar 2016.
4487 Hovudplan bygg Organisering PA - ELE PL - TNT	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	2844 519 x	I samsvar med plan ja ...x... nei Rådhuset, kommunestyresal/kantine Oppgrad av fasader og inv overflater samt inventar. Nordplan bistår og anbod klart i juni. Anbudsfrist 12/10-15
4488 Bustadsosial handlingsplan Organisering PSG – DFU PA – REN/ELE PL –ROP	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	29101 12163 x	I samsvar med plan ja ...x... nei 6 husvære ferdig og 4 husvære i arbeid etter tilbudsutlysing 1 leilegheit og eitt hus kjøpt. husvære i Fjellvegen 2 har vore utlyst på anbud, arbeid er starta opp, ferdigstilling haust 2016. Presteallen 33 grunnundersøking er utført. Sak om bustadorganisering er under arbeid. Ikkje starta med bustadar i Øyane. Bustad i Golvsengane er starta opp, ferdig i April 2016

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

4489 Nytt serverrom rådhuset	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1000 119 x	I samsvar med plan ja nei ...X... Gjort nye vurderinger i forhold til plassering i bygget då kostnadane i kjellar vart langt høgare enn budsjettert. Utvider i staden eksisterande datarom., I fellesskap med 4487-prosjekt haust 2015 Anbudsfrist 12/10-15
4490 Fleirbrukshall	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	21250 338 x	I samsvar med plan ja nei ...X... Kontrakter klare. Arbeid starta opp.
4491 Garderobe heimetenesta	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1820 120 X	I samsvar med plan ja nei ...X... Omfang vedteke i mai. Gjennomføring haust 2015, I fellesskap med 4487-prosjekt. Anbudsfrist 12/10-15
4610 Utfylling Nordøyane	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	23123 51 X	I samsvar med plan ja nei ...x... Detaljprosjektering og anbudsutlysing utført. Finansiering godkjend. Inngåing av kontrakt med entreprenør 29.05.2015. Forventa ferdigstilling 01.06.2016. Entreprenøren er forseinka i høve til avtalt oppstartdato 03. aug. 2015. Svært lite arbeid utført.
4708 Kjølsdalen bustadfelt	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	1478 X	I samsvar med plan ja nei ...X... Forklaring av ev. avvik: Gjennomføring er innstilt p.g.a. manglande interesse for tomtekjøp. Må leggjast fram ny sak om utbygging eller ikkje
4715 Hågaåsen bustadfelt	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	19832 1979 X	I samsvar med plan ja ...x... nei Entreprise hogst ferdigstilt febr. 2015. Detaljprosjektering infrastruktur pågår. Anbudsutlysing veke 23 2015. Entreprenøren er i gang med opparbeiding. Oppstart ca. 1. sept. 2015.

TERTIALRAPPORT INVESTERINGSPROSJEKT 31.08.2015

4720 Stårheim bustadfelt – Torvik 2	Budsjett 2015 Forbruk 2015 Prognose Prosjektfase: • Programmering • Prosjektering • Gjennomføring	4570 X	I samsvar med plan ja ...x... nei ...X... Geotekniske undersøkingar ligg føre. Reguleringsplan vert lagt fram hausten 2015.
--	---	-----------------------------------	---



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	22.10.2015	026/15	OST
Formannskapet	22.10.2015	187/15	OST
Kommunestyret	12.11.2015	137/15	OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 250	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	15/1692

Rapport over kommunens finansforvaltning pr 31.08.2015

Prenta vedlegg:

- Rapport over kommunens finansforvaltning pr. 31.08.2015

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommuneleva §52
- Forskrift om kommuners finansforvaltning
- Kommunens finansreglement, sist vedteke 24.06.10

Saksutgreiing:

Kommuneleva §§ 50 og 52, og forskrift om kommuners finansforvaltning stiller krav til kommunane både vedkomande finansforvaltninga og rapportering av dette til kommunestyret.

Kommunens finansreglement, sist vedteke 24.06.10 K-sak 53/10, stiller krav til rapportering i kapitla 6.5, 7.7 og 8.9: ”Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for finansforvaltninga. I tillegg skal rådmannen så snart råd etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året”.

Rapporten som følgjer denne saka er utarbeidd etter forskrift og etter kommunens eige reglement.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret i Eid tek rapporten om kommunens finansforvaltning pr 31.08.2015 til vitande.

22.10.2015 FINANSUTVALET

FSU-026/15 VEDTAK:

Rapporten om kommunens finansforvaltning pr 31.08.2015 vert teken til vitande.

22.10.2015 FORMANNSKAPET

F-187/15 VEDTAK:

Rapporten om kommunens finansforvaltning pr 31.08.2015 vert teken til vitande.

12.11.2015 KOMMUNESTYRET

KS-137/15 VEDTAK:

Kommunestyret i Eid tek rapporten om kommunens finansforvaltning pr 31.08.2015 til vitande.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



Eid kommune

Rapport

over

kommunens finansforvaltning

pr 31.08.2015

Arkivsak 15/1692

Innhold:

1. Lovverk og reglement	2
2. Generelt om finansforvaltninga og finansrapporteringa	2
3. Generelt om kommunen sin likviditet	2
4. Forvaltning av ledig likviditet for driftsføremål	3
5. Forvaltning av kommunens lånegjeld	4
6. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva	5
7. Vurdering om vesentleg finansiell risiko	8
8. Krav til «grøn forvaltning»	8

1. Lovverk og reglement

Kommunelova §§ 50 og 52, og forskrift om kommuners finansforvaltning stiller krav til kommunane både vedkomande finansforvaltninga og rapportering av dette til kommunestyret. Kommunens finansreglement, sist vedteke 24.06.10 K-sak 53/10, stiller krav til rapportering i kapitla 6.5, 7.7 og 8.9: *”Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for finansforvaltninga. I tillegg skal rådmannen så snart råd etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året”*. Denne rapporten er utarbeidd etter forskrift og kommunens eige reglement.

2. Generelt om finansforvaltninga og finansrapporteringa

Føremålet med kommunens finansforvaltning er omtalt i kommunens reglement for finansforvaltning i kapittel 4. Vidare i kapittel 5 er generelle rammer og avgrensingar fastsett. Kommunens finansforvaltning pr. 30.04.15 er i samsvar med disse kapitla i reglementet.

Finansforvaltninga er inndelt i tre hovuddelar:

- Ledig likviditet for driftsføremål
- Lånegjeld og finansieringsavtalar
- Langsiktige finansielle aktiva

Disse blir vidare i rapporten omtala i kvart sitt kapittel. Rapporten har fokus på tryggleiken i finansforvaltninga, og resultat mot samanlikningsindeksar. Rapporten har mindre fokus på resultat målt mot budsjett.

3. Generelt om kommunen sin likviditet

Kommunen har til ei kvar tid likviditet som kan plasserast innfor same kategoriar som nemnt i kapittel 2.

- Kortsiktig likviditet som skal brukast til betaling av løpande utgifter som løn og kjøp av varer og teneste i den daglege drifta.
- Ubrukte lånemidlar frå lån som er teke opp til vedtekne investeringsprosjekt, der framdrifta på prosjekta alltid vil vere i etterkant av vedtak og låneopptak
- Langsiktig likviditet. For Eid kommune kjem dette hovudsakleg frå tidlegare sal av eigarskap i kraftselskap, der midlane er sett av på fond i rekneskapen. I tillegg andre fond som er oppstått på grunn av kommunestyrevedtak om avsetning av overskot frå tidlegare års rekneskap.

Pr 31.12.14 viser balanserekneskapen følgjande postar i tabellen nedanfor som har samanheng med kommunen sin likviditet.

Tabell 1

Alle tal i tusen	Frå rekneskapen 31.12.2014		
	Likviditet plassert	Balansepostar som gjev likviditet	
		15 950	Disposisjonsfond/udisp res
Bankinnskot	28 427	10 383	Bundne driftsfond
Obligasjonar	58 110	84 625	Ubundne investeringsfond
Aksjar, aksjefond	31 413	2 093	Bundne investeringsfond
		14 716	Ubrukte lån
		-9 817	Div korts gjeld - fordringar
	117 950	117 950	

Generelt kan det seiast at Eid kommune har god likviditet samla sett, spesielt på grunn av avsette midlar på investeringsfond frå sal av eigarskap i kraftselskap. I januar 2015 blei det teke opp lån på kr 197,4 mill til investeringsprosjekt for 2014 og 2015. Dette gav auke i likviditet plassert i bank, med tilsvarende auke i ubrukte lån i balansen.

4. Forvaltning av ledig likviditet for driftsføremål

Forvaltning av kommunens ledige likviditet for driftsføremål er omtalt i finansreglementet kap 6. Kommunen gjer sjølv denne forvaltninga ved økonomisjefen. Kommunen har hovudbankavtale med Sparebanken Vest. Avtalen vert gjennomgått og vurdert i møte med banken minimum to gongar i året. Eid kommune har hittil i 2015 hatt betingelsar på innskot på 3 mnd NIBOR + 0,55 %.

Pr 31.08.15 har kommunen kortsiktig likviditet plassert slik:

Tabell 2 (alle beløp i tusen)

Aktivaklasse	Tillatt ramme	Saldo pr. 01.01.15	Saldo pr. 31.08.15	Rentesatspr. 31.08.15	Rente-inntekt hittil i år	Gj.sn. rentesats hittil i år	Gj.sn. 3 mnd NIBOR hittil i år
Bankinnskot	50-100%	17 751	174 898	1,69 %	2 260	1,90 %	1,35 %
Pengemarknadsfond	0-50%	-	-	-	-	-	-
Direkte plassert i verdipapir	0-50%	-	-	-	-	-	-

Kommunen har om lag kr 193,0 mill i ubrukte lånemidlar pr. 31.08.15. Dette på grunn av fleire store investeringsprosjekt som er vedtekne og teke opp lån på, men ikkje oppstarta eller fullført. Vidare er ein noko på etterskot med gjennomføring av mange prosjekt på grunn av manglande kapasitet på prosjektadministrasjon dei siste åra. Det er like god eller betre avkastning ved plassering i bank enn det kommunen tilsvarende betalar i rente på låna. Hittil i 2015 har bankinnskot gjeve ei snittrente på 1,90 %, medan lånerenta i snitt har vore 1,80 % inkl fastrente.

Hittil i 2015 er det bokført utgifter på kr 30,7 mill i investeringsrekneskapen, der om lag kr 14,0 mill er betalt med lånemidler.

I tabell 2 ovanfor er 3 mnd NIBOR brukt som referanse. Denne renta er ein sentral referanse og er også naturleg å bruke til samanlikning på låneporteføljen.

3 mnd NIBOR har hatt slik utvikling hittil i 2015:



Kjelde: Kommunalbanken

5. Forvaltning av kommunens lånegjeld

Kommunens låneportefølje pr. 31.08.15:

Tabell 3 (alle beløp i tusen)

Saldo pr 01.01.15	Opptak hittil i år	Avdrag hittil i år	Saldo pr 31.08.15	Rentesats pr. 31.08.15	Renteutgift hittil i år	Gj.sn. rentesats hittil i år	Gj.sn. 3 mnd NIBOR
435 265	202 475	9 050	628 690	1,80 %	7 452	1,82 %	1,35 %
		Herav:					
		Flytande	44 414	1,91 %			
		Fast	584 276	1,78 %			

Kommunen har langsiktig lånegjeld på kr 628,7 mill pr. 31.08.15. Heile låneporteføljen er teken opp hos Kommunalbanken AS, utanom lån på kr 13,0 mill frå Husbanken som vidareutlån. Minste lovleg årlege avdrag etter kommunelova er berekna til kr 14,9 mill. Betalte avdrag på lån hittil i 2015 er i samsvar med dette.

Fordeling på flytande og fast rente:

Tabell 4

Pr. 31.08.15	Tillatt ramme	Portefølje	Beløp	Rentesats
Flytande rente (0 - 6 mnd)	0-100%	7,0 %	44 414	1,91 %
Fast rente	0-100%	93,0 %	584 276	1,78 %

Låneporteføljen er fordelt med 93 % på fastrente med snitt rente på 1,78 %. Fastrentelåna varierer med binding frå 2 til 8 år. Resterande er på flytande rente (renter med under eitt års binding).

6. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva

Grunnlaget for kommunen sine langsiktige finansielle aktiva er sal av eigarskapen i Eid Energi AS i 2000 og sal av eigarskapen i Firdakraft AS i 2001. Dette gav ei samla utbetaling til kommunen på kr 73 mill som Eid kommune har plassert til forvaltning gjennom eksterne forvaltarar. Eid kommune har ikkje teke ut all likviditeten ved tidlegare års avkastning, slik at pr. 31.08.15 hadde porteføljen ein verdi på kr 125,2 mill inkl bankinnskott knytt til forvaltninga. Avkastninga er likevel brukt i budsjett og rekneskapen for kvart år. For 2015 er det budsjettert med ei avkastning på kr 6,6 mill. Avkastninga hittil i 2015 er kr 3,6 mill.

Oversikt langsiktige finansielle aktiva pr. 30.04.15:

Tabell 6 (alle beløp i tusen)

Aktivaklasse	Tillatt ramme	Fordeling pr. 31.08.15	Verdi pr. 31.08.15	Avkastning pr. 31.08.15	Avkastning i %
Obligasjonar norske	35-100%	68 %	85 481	648	0,76 %
Referanseindeks bank kommunens bankavtale					1,90 %
Referanseindeks: 100% ST4X (3-årig statsobl)					1,39 %
Aksjar / aksjefond norske	0-35%	5 %	5 908	388	4,40 %
Referanseindeks: OSEFX					2,70 %
Aksjar / aksjefond utland	0-35%	27 %	33 818	2 607	5,20 %
Referanseindeks: MSCI					4,90 %
Aksjer totalt	0-35%	32 %	39 726	2 995	4,80 %
Referanse: 50% OSEFX, 50% MSCI					3,80 %
Samla portefølje		100 %	125 207	3 643	3,00 %

Obligasjonsporteføljen har avkastning som ligg under Oslo Børs Statsobligasjonsindeks (3 år ST4X). Årsaka til dette ligg hovudsakleg i kor langt forfall det gjennomsnittleg er på enkeltobligasjonane i porteføljen opp mot stigande eller synkande rente i marknaden. Avkastninga i obligasjonsporteføljen er vesentleg under betingelsane i kommunen sine særtilkår i bankinnskott. Rentene i markedet har gått ned i 2015, noko som gjev positiv avkastning på obligasjonsporteføljen.

Aksjeplasseringa mot Oslo Børs har gitt betre avkastning enn Oslo Børs Fondsindeks (OSEFX) hittil i 2015. Dette skuldast hovudsakleg lågare veking i energisektoren (oljerelaterte selskap) enn tilsvarande veking i Fondsindeksen. Energisektoren har hittil i år hatt lågare utvikling enn snittet i fondsindeksen pga nedgang i oljeprisen.

Plassering i internasjonale aksjefond har gitt avkastning litt over referanseindeksar. Nedgangen i oljeprisen har mindre innverknad på den internasjonale aksjemarknaden i forhold til Oslo børs. Dei internasjonale aksjefonda som kommunen er plassert i, har låg veking mot energisektoren.

Diagram 2





Diagram 3



Porteføljen har gitt ei positiv avkastning på 6,63 % i 2014. Til samanlikning har Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år ST4X ei positiv avkastning på 5,7 %.

Diagram 3 syner akkumulert (samla) avkastning frå oppstart i 2001 fram til 31.12.2014. Porteføljen har hatt ei samla avkastning på 84,3 %, som gir årleg snitt på 6,02 %. Til samanlikning er 3 mnd NIBOR på 50,4 %, med årleg snitt på 3,60 % og Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år ST4X på 71,0 %, med årleg snitt på 5,07 %.

Utdrag frå månadsrapporten pr 31.08.15:


Dei langsiktige finansielle midlane er forvalta av Carnegie Kapitalforvaltning AS og Pareto Wealt Management AS. Oppstillingane nedanfor er henta frå den månadlege rapporteringa som administrasjonen lagar til formannskapet.

Den norske krona sin verdinedgang i forhold til dei større internasjonale valutaeyningane, gjer at det har blitt valutaavkastning på plassering i internasjonale aksjefond. Denne valutaavkastninga har kommune nytt godt av sidan i fjor sommar. Historisk har 1 USAdollar (USD) hatt ein verdi på kring NOK 6,5. Sommaren 2015 var den komt opp på ein verdi på NOK 8,10. Vi valgte då å valutasikre halvparten av porteføljen plassert i internasjonale aksjefond gjennom den delen som er forvalta av Pareto. I løpet av hausten har NOK svekka seg endå meir, og har bidrege positivt på avkastninga i dei internasjonale plasseringane gjennom Carnegie. Dette forklarar ein god del av differansen på disse to forvaltarane dei siste månadane, jf diagram 4 nedanfor.

Tabell 7

	Verdi	Innskot	Endring	Avkastning	% avkastning	Akkumulert
Forvaltar	11.02.2015	11.02.2015	juni 2015	pr 31.08.	hittil i 2015	verdi
Carnegie	91 564 529	-	-30 000 000	3 544 432	4,05 %	65 108 961
Pareto	-	30 000 000	30 000 000	98 653	0,17 %	60 098 653
Samla	91 564 529	30 000 000		3 643 085	3,00 %	125 207 614

Diagram 4



Tabell 8

Pr. 31.08.15	Aksjar aksjefond	Obligasjon/ Rente
Avkastning fordelt:		
Carnegie:	8,89 %	1,11 %
Pareto:	-0,55 %	0,54 %
Portefølje fordelt:		
Carnegie:	30 %	70 %
Pareto:	34 %	66 %

Administrasjonen har jamnlege møter med forvaltarane for å gå igjennom porteføljen og vurdere framtidige plasseringar i marknaden.

7. Vurdering om vesentleg finansiell risiko

Etter kommunelova skal det gjerast kontinuerleg vurdering på om kommunen tek vesentleg finansiell risiko med plasseringane som igjen kan få verknad på tenesteytinga. Verknad på tenesteytinga kan oppstå til dømes ved at kommunen ikkje når budsjettmålet med avkastninga og samtidig ikkje har nok bufferfond til å dekke inn manglande avkastning, og får dermed eit underskot i rekneskapen som må dekkast inn over budsjetta dei påfølgjande to år. Ein slik situasjon vil truleg måtte føre til kutt i tenesteytinga, og kommunen kan definerast til å ha teke vesentleg finansiell risiko.

Om kommunen budsjetterer med ei avkastning som er over det som er logisk å få ved tilnærma sikker plassering i rentemarknaden, må kommunen ta meir risiko på ein større del av porteføljen for å nå den budsjetterte avkastninga. Dette vil igjen føre til auka risiko for eit større tap.

Forvaltning av ledig likviditet for driftsføremål:

Ut frå plasseringane som er gjort og bankens soliditet ser ein ikkje at det her er teke vesentleg finansiell risiko.

Forvaltning av kommunens lånegjeld:

Kommunen sine låneopptak er pr. 31.08.15 plassert hos Kommunalbanken AS. For kommunen har det ikkje andre aktuelle aktørar pga rentebetingelsane ein oppnår. Kommunalbanken er spesielt tilpassa kommunesektoren. Låneporteføljen er fordelt med 7 % på flytande og 93 % på fast rente. Rentebindingane varierer frå 2 til 8 år. Det er venta svak vekst i renta framover dei næraste åra. Dette, saman med fastrente, gjev ingen vesentleg finansiell risiko for kommunen før eventuelt frå 2017 og utover. Kommunen har pr. 31.12.14 kr 11,2 mill på eit rente- og avkastningsfond, for nettopp å vere betre i stand til å dekke svingingar i aksje- og rentemarknaden.

Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva:

Plasseringane i obligasjonar og aksjar/aksjefond har ei avkastning på kr 3,6 mill pr 31.08.2015. Budsjettert avkastning for 2015 er på kr 6,6 mill. Midlane i porteføljen er plassert i produkt som er forholdsvis enkle å vurdere med tanke på risiko, og det er god spredning i enkeltplasseringane. Alt dette er innafor kommunen sitt reglement for finansforvaltninga.

8. Krav til «grøn forvaltning»

Kommunestyret i Eid gjorde i sak 014/15 den 29. januar i år vedtak om krav til grøn forvaltning:

- 1. Eid kommune skal ikkje ha midlar plassert i kullselskap. Definisjonen av slike selskap og ekskludering blir tilsvarende som KLP sine vedtak på dette.*
- 2. Eid kommune skal ha minimalt av midlar plassert mot selskap som direkte driv utvinning og produksjon av andre fossile brensel enn kull. Dette skal uansett ikkje overstige 7% av kommunen sin totale forvaltningsportefølje.*
- 3. Minimum 10% av porteføljen som er plassert mot rentemarknaden (obligasjonar), skal innan utgangen av 2015 vere plassert i grønne obligasjonar.*

Pkt 1 og 2 i vedtaket er oppfylt pr 31.08.2015. Plasseringane til Eid kommune har vore lågare vekta mot energisektoren på Oslo børshittil i 2015 enn tidlegare år, m.a. for å tilpasse krava i vedtaket. Internasjonalt er denne vektinga om lag uendra i forhold til tidlegare år.

Pkt 3 i vedtaket er ikkje oppfylt pr. 31.08.2015. Medio april var det tilgang til å plassere i ein obligasjon utstedt av BKK AS. Men fordi dette er eit AS, så er det ikkje opning for å plassere i slike obligasjonar utan at ein må tilsvarende ned på aksjeporteføljen. Dette fordi finansreglementet til Eid kommune ikkje tillet at det vert plassert midlar i obligasjonar utstedt av industriføretak. Plassering i obligasjonar kan berre gjerast i obligasjonar som er utstedt av stat, kommune, bank, forsikring og kraftselskap som er garantert av stat eller kommune. BKK har ikkje slik garanti. Obligasjonane skal ha BIS-vekt på maks 20% (måleform for risiko). Obligasjonar i BKK blir klassifisert med BIS-vekt på 100%.

Plassering i obligasjonar utstedt av industriføretak må i tilfelle klassifiserast som aksjeplassering, og ein må då tilsvarende redusere anna plassering i aksjemarknaden, for ikkje å overstige 35 % samla i denne risikoklassen. Administrasjonen har tolka vedtaket slik at ein ikkje skal redusere andelen plassert i aksjemarknaden, til fordel for plassering i grøn obligasjon. På lang sikt skal aksjemarknaden gje meir avkastning enn obligasjonsporteføljen, og dette vil dermed påvirke avkastninga på lang sikt. Alternativt må finansreglementet endrast, slik at ein opnar for auka plassering innafor høgare risikogruppe med tilsvarende risiko som aksjar. Rådmann har ikkje lagt opp til ei slik endring i finansreglementet.

Det er likevel muleg at det kan bli utstedt grønne obligasjonar av t.d. norske bankar, der BIS-vekta er innafor grensa på 20 %. Slike finst det nokre få av pr i dag, men det har ikkje vore «ledige» andelar å plassere i ettertid av kommunestyret sitt vedtak i januar.

Nordfjordeid 05.10.2015

Ole Starheim
økonomisjef



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Oppvekst- og kulturutvalet	29.10.2015	006/15	HSI
Kommunestyret	12.11.2015	138/15	HSI

Avgjerd av: Saksbehandler: Harald Sivertsen	Arkiv: A20 Objekt:	Arkivsaknr 15/1822
--	-------------------------------------	------------------------------

Tilstandsrapport for grunnskulen år 2014 - 2015.

Prenta vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Eid.

Skjematisk oversikt over fagleg- og sosialutvikling i grunnskulen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Opplæringslova.

Kva saka gjeld:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Eid.

Saksutgreiing:

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa for grunnskulen i kommunen. Rapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Dette er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet som er fastsett i opplæringslova.

Kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigar etter lov og forskrift, og er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Vurdering:

Tilstandsrapporten gir oversikt over tilstanden i grunnskulen i Eid kommune, og er ei informasjonskjelde om den faglege og sosiale stoda. Hovudkjeldene til informasjonen er elevundersøkingar, nasjonale prøver, standpunkt- og eksamenskarakterar. Rapporten byggjer på eit utval av desse informasjonskjeldene, og gir eit bilete av det som vert målt i skulen i dag.

Denne informasjonen gir oss noko kunnskap om kva område som bør vidareutviklast. Dette vert lagt vekt på i utarbeiding av ny kommunedelplan for oppvekst for aldersgruppa 0 - 18 år. Planen vil vere heilskapleg og omhandle alle område i tenestetilbodet til barn og unge.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Eid kommune år 2014 - 2015 vert teken til vitande.

29.10.2015 OPPVEKST- OG KULTURUTVALET

OK-006/15 VEDTAK:

Tilstandsrapporten for grunnskulen blir teken til vitande, samrøystes.

12.11.2015 KOMMUNESTYRET

KS-138/15 VEDTAK:

Tilstandsrapporten for grunnskulen blir teken til vitande.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



Tilstandsrapport for grunnskulen i Eid 2014 - 2015



Vedteke:
Saks nr:
Dato:



Innhald

Forord.....	
1. Styringsdokument	
2. Hovudsatsingsområde.....	
3. Nasjonale prøver.....	
4. Standpunkt og eksamenskarakterar	
5. Læringsutbytte.....	
6 Trivsel og mobbing.	
7. Overgang til vidaregåande skule.....	
8. Oppsummering	

Forord

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa for grunnskulen i kommunen. Rapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Dette er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet som er fastsett i opplæringslova. Kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigar etter lov og forskrift og er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer. Eid kommune som skuleeigar har årleg drøfta tilstandsrapporten i driftsutvalet og i kommunestyret.

1. Styringsdokument

Det lokale styringsdokumentet for grunnskulen i Eid er kommunedelplanen for grunnskulen 2012 – 2015. I dette plandokumentet har kommunestyret fastsett at skulane skal gje eit godt og inkluderande grunnskuletilbod til alle elevar. Alle elevar skal høyre til ei klasse, og ein skal leggje vekt på kvalitet i opplæringa. Tilsette ved skulane skal vite at dei viktigaste faktorane for gode faglege og sosiale resultat er; gode lærarar, god klasseleing, god skuleleing, eit godt samarbeid mellom skule og heim og positive relasjonar mellom lærarar og elevar.

2. Hovudsatsingsområde er norsk, matematikk og engelsk

Nokre av tiltaka som er sette i verk for å styrke hovudsatsingsområda:

- Felles etterutdanning i vurdering for læring for lærarar i barneskulane.
- Vidareutdanning av einskilde lærarar innan norsk, matematikk og engelsk.
- Samarbeid mellom Eid ungdomsskule og Eid vidaregåande skule i samband med elevar som ønskjer å ta matematikk på vidaregåande skule medan dei går i 10. klasse.
- Ungdomstrinnsatsing med klasseleiing og rekning i alle fag som tema.
- Samarbeid mellom avdelingane innanfor satsingsområda t.d. språk, overgangar og elevretta sosiale tiltak.
- Utarbeide ny kommunedelplan for aldersgruppa 0 – 18 år.
- Foreldrerettleiing - «ein god barndom varer heile livet».

Samarbeidsprosjekt mellom kommunane Vågsøy, Selje og Eid.

Kommunane skal utarbeide eit system for å rettleie foreldre frå svangerskap til og med ungdomsskulen, og å samordne tenestene til beste for barn og unge.

- Fysisk aktivitet for å auke læringsutbyttet i matematikk. Prøveprosjekt i samarbeid med Høgskulen i Sogndal og Fjordane.



3. Nasjonale prøver

Prøvene blir gjennomførte kvar haust for 5.-, 8.- og 9. årstrinn. Dei er obligatoriske for alle grunnskulane i Noreg, og skal nyttast til å vurdere og utvikle elevane sine dugleikar i lesing, rekning og i deler av engelskfaget. Derfor er det viktig at alle skulane arbeider med å gje individuelle tilbakemeldingar til elevane på korleis dei har utført prøvene, og at elevane får rettleiing på kva og korleis dei kan forbetre læringsutbyttet.

Nasjonale prøver i lesing 5. årstrinn:

Vi vil at elevane i Eid skal bli gode lesarar, og leseopplæringa skal vere prioritert ved alle skulane. Hovudmålet er at alle elevane skal lære å lese i 1. klasse. For å bli ein god lesar, må ein lese flytande og ha god leseforståing. Dette krev mengdetrening og god omgrepsforståing.

Den første felles vurderinga på om måla er nådde, er dei nasjonale prøvene i 5. klasse. Då blir det gjennomført ei felles nasjonal kartlegging for alle grunnskulane i Noreg.

Forklaring på fargekodinga i tabellane under:



Mål for grunnskulen i Eid er nådd.
På eller over snittet i Sogn og Fjordane.



Mål for grunnskulen i Eid kommune er ikkje nådd.
Under snittet i Sogn og Fjordane.

Fargekodinga er gjort frå og med år 2012 – 13.

Nasjonale prøver i lesing 5. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5.klasse lesing Eid	2,1	1,9	2,1	2,3	2,1	2,2	49,0	49,0	50,0
Delskår lesing 5.klasse Eid	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Meistringsnivå 1	26,3	28,6	13,8	10,6	14,1	13,9	26,3	25,3	23,2
Meistringsnivå 2	41,3	54,8	57,5	47	64,1	52,8	48,7	51,6	50,6
Meistringsnivå 3	32,5	16,7	28,8	42,4	21,9	33,3	25	23,1	26,2
Meistringsnivå 3 er høgast måloppnåing.									

Mål:

Elevane skal vere lese-kunnige i høve kompetansemåla for 4. klasse.

Vurdering:

Ein tilbakegang i høve dei siste åra. Litt over 26 prosent av elevane var på meistringsnivå 1, og ein har då ikkje nådd målet.

Tiltak:

Gjennomgang av rutinane for leseopplæringa og etter- og vidareutdanning.



Nasjonale prøver i rekning 5. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5. klasse rekning Eid	2,1	2,1	2,4	2,3	2,2	2,0	51,0	51,0	50,0

Mål:

Elevane skal vere regnekunnige i høve kompetansemåla for 4. klasse.

Vurdering:

Elevane har samla sett tileigna seg gode kunnskapar i rekning.

Tiltak:

Ein har vore med i prøveprosjektet til Høgskulen i Sogn og Fjordane i samband med fysisk aktivitet og læringsutbytte i matematikkfaget.

Nasjonale prøver i engelsk 5. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5 klasse engelsk Eid	2,1	2,0	2,1	Anulert	2,1	2,0	50,0	49,0	50,0

Mål:

Elevane skal meistre engelskfaget i høve kompetansemåla for 4. klasse.

Vurdering:

Elevane har samla sett tileigna seg gode kunnskapar i faget.

Tiltak:

Ingen nye tiltak er sett i verk.



Læringsutbyttet ved Eid ungdomsskule

Nasjonale prøver i lesing 9. årstrinn

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
9. klasse lesing Eid	3,0	3,1	3,1	3,0	3,4	3,3	53,0	54	54
*Delskår lesing 9. Klasse	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Meistringsnivå 1	x	x	4,6	1,2	7,8	6,5	4,1	4,2	5,1
Meistringsnivå 2	x	x	10,3	8,5	14,4	15,2	13,3	10,2	11,8
Meistringsnivå 3	x	x	36,8	36,6	32,2	35,9	40,8	35,7	35,2
Meistringsnivå 4	x	x	29,9	29,3	21,1	27,2	26,5	28,3	27,0
Meistringsnivå 5	x	x	18,4	24,4	24,4	15,2	15,3	21,5	21
Meistringsnivå 5 er høgast måloppnåing.									

Mål:

Elevane skal vere lese-kunnige i høve kompetansemåla for 8. klasse.

Vurdering:

Ein liten framgang i høve dei siste 3 åra, og litt over 4 prosent av elevane var på meistringsnivå 1.

Tiltak:

Ein arbeider aktivt med lesing i alle fag.

Nasjonale prøver i rekning 9. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
9. trinn rekning Eid	x	x	3,4	3,8	3,5	3,6	55,0	55	53

Mål:

Elevane skal vere rekne-kunnige i høve kompetansemåla for 8. klasse.

Vurdering:

Elevane har samla sett tileigna seg gode kunnskapar i faget.

Tiltak:

Ungdomstrinnssatsinga med rekning i alle fag.

4. Standpunkt- og eksamenskarakterar

Standpunktkarakterar Eid

Fag	Karakter 2010	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål	3,9	3,9	3,8	4,1	4,0	3,9
Norsk sidemål	4,0	4,0	4,0	4,1	3,8	3,8
Norsk munnleg	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3	4,2
Engelsk skriftleg	4,1	3,9	4,1	4,1	4,0	4
Engelsk munnleg	4,2	4,2	4,1	4,4	4,2	4,2
Matematikk	3,9	3,6	3,5	3,7	3,4	3,6

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,8	3,8
3,8	3,6
4,2	4,2
3,9	3,9
4,1	4,2
3,6	3,5

Eksamen i Eid:

Fag	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål		3,8	3,7	3,2	3,6
Engelsk skriftleg	3,8	4,1	4,0	3,7	3,9
Matematikk skriftleg	3,2		3,3	3,2	3,1

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,4	3,4
3,7	3,7
3,0	2,9

Mål:

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidsliv.

Vurdering:

Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2015 hadde i snitt gode standpunkt- og eksamenskarakterar, og vi vurderer det slik at dei er godt rusta for vidaregåande skule.

Tiltak:

Eid ungdomsskule er med på den nasjonale ungdomstrinnsatsinga, der ein jobbar aktivt med rekning i alle fag og klasseleiing.

5. Læringsutbytte

Med læringsutbytte meiner ein den einskilde elev si læring målt i resultat og/eller karakterar på einskilde prøver. Det er mange faktorar som påverkar læringsutbyttet, og eit systematisk arbeid over tid vil påverke positivt på læringsutbyttet til elevane.

Under syner ein korleis Eid ungdomsskule systematisk arbeider med læringsutbyttet til elevane.

Tiltak	Svar	Merknad
Har skulen arbeidd med kriterium for læringsutbytte?	Ja	
Kva tiltak brukar skulen for å følgje opp læringsutbyttet:		
Tiltak	Plan	Brukt
Kartleggingsprøver	Ja	Ja
Eigne utarbeidde prøver	Ja	Ja
		Norsk, matematikk og engelsk
		Prøver i fag

Nasjonale prøver	Ja	Ja	Nasj.prøve på 8.trinn i lesing, rekning og engelsk.9. trinn i rekning og lesing.
Elevundersøkinga	Ja	Ja	8. 9. og 10. trinn
Munnlege framføringar	Ja	Ja	Brukt frå 8.- 10.trinn
Munnleg og skriftlege eksamensresultat	Ja	Ja	
Observasjon	Ja	Ja	
Prosesskrining	Ja	Ja	
System for eigenvurdering	Ja	Ja	
Andre tiltak			
Rektor si vurdering: Lærarane er bevisste på ulike læringsstilar og variasjon i arbeidsmåtar for å gje best mogleg læringsutbytte for den einskilde. Dei er opne for nye idear og eigen kompetanseutvikling. Vi har systematisk oppfølging av læringsutbyttet. Vi har eit forpliktande system for undervegsvurdering som inneber skriftleg vurdering utan karakter i alle fag før utviklingssamtalane haust og vår. Dette inkluderer eleven si eigenvurdering. Vi opplever at systemet fungerer godt både for elev, føresette og lærarar, men at det både er fagleg krevjande og tidkrevjande.			
Planlagde tiltak: Fokus på tilpassa opplæring og bruk av to- lærarressurs for å auke eleven sin faglege og sosiale kompetanse.			

Barneskulane har tilsvarende planar, men ein jobbar med å få dei meir samkøyrd. Alle barneskulane er no med på etterutdanning innan vurdering for læring.

6. Trivsel og mobbing

Trivsel Eid

Indikator og nøkkeltal	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Trivsel 7. klasse	3,9	4,4	4,4	4,2	x	4,5	4,7	4,4	4,4
Trivsel med lærarane, 10. kl	4,0	4,1	3,8	3,9	x	4,5	4,3	4,2	4,2

Her er det positivt med høg skår. X tyder manglar samla resultat

Mobbing Eid

Delskår	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadene? 7. årstrinn	1,6	1,4	1,3	1,3	x	1,1	1,2	1,3	1,2
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadene? 10. årstrinn	1,3	1,3	1,4	1,3	x	1,1	1,2	1,2	1,2

Her er det positivt med låg skår. X tyder manglar samla resultat.

Mål:

Alle elvane skal trivast i grunnskulen, og grunnskulen i Eid skal vere mobbefri.

Vurdering:

Dei fleste elevane trivast i grunnskulen, men 1,2 prosent av elevane seier at dei vert mobba, og det er vi ikkje tilfredse med. Faktorar som trivsel og i kva grad ein opplever mobbing er svært viktig å overvake nøye. Tala

fortel kva elevane rapporterer. Ein kan aldri slå seg til ro med gode undersøkingar i samband med mobbing. Arbeid for eit positivt, trygt og inkluderande læringsmiljø er eit kontinuerleg arbeid som blir høgt prioritert ved skulane. Ein ser at den digitale verda kan vere utfordrande for elevane, og av og til ser ikkje elevane konsekvensane av sine handlingar i samband med bruk av nye digitale verktøy. Noko av mobbinga skjer i fritida og via sosiale medium, og elevane tek av og til dette med seg inn i skulekvardagen.

Tiltak:

Alle skulane har tiltaksplanar mot mobbing, og ein jobbar med førebygging. Skulane jobbar aktivt med å gje informasjon om nettbruk, og eksternhjelp blir nytta for å vidareformidle rett og god bruk av sosiale medium.



7. Overgang til vidaregåande skule

Alle elevane som var ferdige med grunnskulen våren 2015, gjekk over til den vidaregåande skulen.

Overgang vidaregåande skule i prosent

	2008-09	2009-10	2010-11	2011 - 12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Overgang til vidaregåande	99	98,9	100	100	100	100	100	99,2	98

Mål:

Alle elevane skal byrje i den vidaregåande skulen.

Vurdering:

Ein har eit tett og godt samarbeid med dei vidaregåande skulane, og alle elvane frå grunnskulen i Eid byrjar i den vidaregåande skulen.

Tiltak:

Ein vidareutviklar samarbeidet med dei vidaregåande skulane gjennom dialogmøte og overføringsmøte. I tillegg har ein starta på eit samarbeid innan elevvurdering.

8. Oppsummering

Tilstandsrapporten gjev oversikt over tilstanden i grunnskulen i Eid kommune, og er ei informasjonskjelde for den faglege og sosiale stoda i skulen. Samstundes som ein skal vere klar over at alt ikkje kan målast, og at einskilte hendingar ikkje kjem fram i rapporten.

Resultata av dei nasjonale prøvene viser ein variasjon frå år til år, og at grunnskulane i Eid samla sett oppnår gode resultat, med nokre unnatak. I skuleåret 2014/15 hadde ein tilbakegang i leseresultatata for 5. årstrinn. Tilstandsrapporten viser og standpunkt- og eksamenskarakterane. Karakterane er samla sett på eller litt over landssnittet. Dei fleste elevane seier at dei trivast på skulen, og vi har ein grunnskule i Eid som nesten ikkje har skulk og hærverk.



I det vidare arbeidet vil ein ny kommunedelplan vere eit sentralt styringsverktøy for avdelingane som arbeider med barn og unge i aldersgruppa 0 – 18 år. Ein felles plan vil truleg føre til at tenestene blir meir samordna, og ein kan arbeide tettare på tvers av ulike fagområde og alderstrinn.



EID KOMMUNE

Tilstandsrapport for grunnskulen i Eid



eid
INVITERER



Viktige dokument

- Opplæringslova
- Læreplan
- Kommunedelplan
- Tilstandsrapport
- Årsrapport
- Verksemdplan



EID KOMMUNE

Faglege mål



Mål for grunnskulen i Eid er nådd.



Mål for grunnskulen i Eid kommune er
ikkje nådd.



EID KOMMUNE

Fagleg hovudsatsingsområde

- Norsk, matematikk og engelsk



Lesing 5. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5.klasse lesing Eid	2,1	1,9	2,1	2,3	2,1	2,2	49,0	49,0	50,0
Delskår lesing 5.klasse Eid	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012 -13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Meistringsnivå 1	26,3	28,6	13,8	10,6	14,1	13,9	26,3	25,3	23,2
Meistringsnivå 2	41,3	54,8	57,5	47	64,1	52,8	48,7	51,6	50,6
Meistringsnivå 3	32,5	16,7	28,8	42,4	21,9	33,3	25	23,1	26,2
Meistringsnivå 3 er høgast måloppnåing.									



EID KOMMUNE

Rekning og engelsk 5. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5. klasse rekning Eid	2,1	2,1	2,4	2,3	2,2	2,0	51,0	51,0	50,0

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
5 klasse engelsk Eid	2,1	2,0	2,1	Amulert	2,1	2,0	50,0	49,0	50,0



Lesing 9. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012 -13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
9. klasse lesing Eid	3,0	3,1	3,1	3,0	3,4	3,3	53,0	54	54
*Delskår lesing 9. Klasse	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Meistringsnivå 1	x	x	4,6	1,2	7,8	6,5	4,1	4,2	5,1
Meistringsnivå 2	x	x	10,3	8,5	14,4	15,2	13,3	10,2	11,8
Meistringsnivå 3	x	x	36,8	36,6	32,2	35,9	40,8	35,7	35,2
Meistringsnivå 4	x	x	29,9	29,3	21,1	27,2	26,5	28,3	27,0
Meistringsnivå 5	x	x	18,4	24,4	24,4	15,2	15,3	21,5	21
Meistringsnivå 5 er høgast måloppnåing.									



EID KOMMUNE

Rekning 9. klasse

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
9. trinn rekning Eid	x	x	3,4	3,8	3,5	3,6	55,0	55	53



Læringsutbytte

- Den enkelte elev si læring målt i resultat og karakter.
- Kva fører til resultat?
- Systematisk arbeid over tid.



Standpunkt karakterar

Standpunktkarakterar Eid

Fag	Karakter 2010	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål	3,9	3,9	3,8	4,1	4,0	3,9
Norsk sidemål	4,0	4,0	4,0	4,1	3,8	3,8
Norsk munnleg	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3	4,2
Engelsk skriftleg	4,1	3,9	4,1	4,1	4,0	4
Engelsk munnleg	4,2	4,2	4,1	4,4	4,2	4,2
Matematikk	3,9	3,6	3,5	3,7	3,4	3,6

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,8	3,8
3,8	3,6
4,2	4,2
3,9	3,9
4,1	4,2
3,6	3,5



Eksamenskarakterar

Eksamen i Eid:

Fag	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål		3,8	3,7	3,2	3,6
Engelsk skriftleg	3,8	4,1	4,0	3,7	3,9
Matematikk skriftleg	3,2		3,3	3,2	3,1

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,4	3,4
3,7	3,7
3,0	2,9



Trivsel og mobbing

Trivsel Eid									
	2008-09	2009-10	2010-11						
Indikator og nøkkeltal				2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Trivsel 7. klasse	3,9	4,4	4,4	4,2	x	4,5	4,7	4,4	4,4
Trivsel med lærarane, 10. kl	4,0	4,1	3,8	3,9	x	4,5	4,3	4,2	4,2
Her er det positivt med høg skår. X tyder manglar samla resultat									
Mobbing Eid									
Delskår	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadane? 7. årstrinn	1,6	1,4	1,3	1,3	x	1,1	1,2	1,3	1,2
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadane? 10. årstrinn	1,3	1,3	1,4	1,3	x	1,1	1,2	1,2	1,2
Her er det positivt med låg skår. X tyder manglar samla resultat.									



EID KOMMUNE

Overgang

Overgang vidaregåande skule i prosent

	2008-09	2009-10	2010-11	2011 - 12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Overgang til vidaregåande	99	98,9	100	100	100	100	100	99,2	98

Oppsummering



Skjematisk oversikt over fagleg- og sosial utvikling i grunnskulen

Vedlegg til tilstandsrapporten år 2014 - 2015

Fargekode



På eller over kommunale mål

Under kommunale mål

Nr Faglege resultat:

Nasjonale prøver:

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
1 5.klasse lesing Eid	2,1	1,9	2,1	2,3	2,1	2,2	49,0	49,0	50,0
Delskår lesing 5.klasse Eid	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
Meistringsnivå 1	26,3	28,6	13,8	10,6	14,1	13,9	26,3	25,3	23,2
Meistringsnivå 2	41,3	54,8	57,5	47	64,1	52,8	48,7	51,6	50,6
Meistringsnivå 3	32,5	16,7	28,8	42,4	21,9	33,3	25	23,1	26,2
Meistringsnivå 3 er høyest måloppnåing.									
	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
2 5. klasse rekning Eid	2,1	2,1	2,4	2,3	2,2	2,0	51,0	51,0	50,0

3		2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
	5 klasse engelsk Eid	2,1	2,0	2,1	Anulert	2,1	2,0	50,0	49,0	50,0

4		2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
	8. klasse lesing Eid	3,0	3,1	3,1	3,0	2,9	3,0	49,0	50,0	50,0

	*Delskår lesing 8. Klasse	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
	Mestringsnivå 1	7,4	7,0	2,5	16,1	7,8	5,1	9,3	6,5	8,8
	Mestringsnivå 2	16	22,1	23,5	18,4	28,9	21,2	20	19,2	17,8
	Mestringsnivå 3	54,3	39,5	45,7	31	32,2	50,5	40	39,8	40,6
	Mestringsnivå 4	11,7	19,8	22,2	23	23,3	15,2	22,7	23,7	21,7
	Mestringsnivå 5	10,6	11,6	6,2	11,5	7,8	8,1	8	10,8	11,1
	Meistringsnivå 1 er dårlegast.									

5		2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
	Rekning 8. klasse Eid	3,1	2,8	3,5	3,1	3,3	3,1	48	51	50

6		2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
	Engelsk 8. klasse Eid	3,0	2,9	3,1	2,8	2,8	2,8	49,0	50,0	50,0

7

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
9. klasse lesing Eid	3,0	3,1	3,1	3,0	3,4	3,3	53,0

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
54	54

*Delskår lesing 9. Klasse	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Meistringsnivå 1	x	x	4,6	1,2	7,8	6,5	4,1
Meistringsnivå 2	x	x	10,3	8,5	14,4	15,2	13,3
Meistringsnivå 3	x	x	36,8	36,6	32,2	35,9	40,8
Meistringsnivå 4	x	x	29,9	29,3	21,1	27,2	26,5
Meistringsnivå 5	x	x	18,4	24,4	24,4	15,2	15,3

Meistringsnivå 5 er høgast måloppnåing.

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
4,2	5,1
10,2	11,8
35,7	35,2
28,3	27,0
21,5	21

8

	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
9. trinn rekning Eid	x	x	3,4	3,8	3,5	3,6	55,0

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
55	53

9 Standpunktkarakterar Eid

Fag	Karakter 2010	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål	3,9	3,9	3,8	4,1	4,0	3,9
Norsk sidemål	4,0	4,0	4,0	4,1	3,8	3,8
Norsk munnleg	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3	4,2

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,8	3,8
3,8	3,6
4,2	4,2

Engelsk skriftleg	4,1	3,9	4,1	4,1	4,0	4
Engelsk munnleg	4,2	4,2	4,1	4,4	4,2	4,2
Matematikk	3,9	3,6	3,5	3,7	3,4	3,6

3,9	3,9
4,1	4,2
3,6	3,5

Eksamen i Eid:

Fag	Karakter 2011	Karakter 2012	Karakter 2013	Karakter 2014	Karakter 2015
Norsk hovudmål		3,8	3,7	3,2	3,6
Engelsk skriftleg	3,8	4,1	4,0	3,7	3,9
Matematikk skriftleg	3,2		3,3	3,2	3,1

Sogn og Fj. 2015	Nasjonalt 2015
3,4	3,4
3,7	3,7
3,0	2,9

10 Grunnskulepoeng Eid

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Grunnskulepoeng	41,9	41,7	41,5	42,7	41,1	41,6

Grunnskulepoeng er summen av elevenane sine avsluttande karakterar, dividert på tal karakterar og multiplisert med 10.

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
41,2	40,8

Resultat i frå elevundersøkingar 7. og 10. årstrinn

11 Trivsel Eid

Indikator og nøkkeltal	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Trivsel 7. klasse	3,9	4,4	4,4	4,2	x	4,5	4,7
Trivsel med lærarane, 10. kl	4,0	4,1	3,8	3,9	x	4,5	4,3

Her er det positivt med høg skår. X tyder manglar samla resultat

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
4,4	4,4
4,2	4,2

12 Mobbing Eid

Delskår	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadene? 7. årstrinn	1,6	1,4	1,3	1,3	x	1,1	1,2
Er du blitt mobba på skulen dei siste månadene? 10. årstrinn	1,3	1,3	1,4	1,3	x	1,1	1,2

Her er det positivt med låg skår. X tyder manglar samla resultat.

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
1,3	1,2
1,2	1,2

13 Overgang vidaregåande skule i prosent

	2008-09	2009-10	2010-11	2011 - 12	2012-13	2013-14	2014-15
Overgang til vidaregåande	99	98,9	100	100	100	100	100

Sogn og Fjordane 2014-15	Nasjonalt 2014-15
99,2	98

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 035/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/434
---	-------------------------	-------------------------------

Opplæring av nytt kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.09.2015	Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019	3183
17.11.2014	Reglement for Eid kontrollutval	871
04.02.2015	Reglement for høyring i kontrollutvalet	1565
19.11.2015	Praktiske opplysningar og tips mm til oppstartmøta hausten 2015 - presentasjon pr 191115	3563
26.10.2015	Orientering om kommunerevisjonen i Nordfjord datert 201015	3430
26.10.2015	Invitasjon til dagsseminar/kurs 25.1.2016: Tilsyn og kontroll i kommunal sektor	3428
23.11.2015	NKRF's kontrollutvalskonferanse 3.-4. februar 2016	3577

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Eid kontrollutval tek gjennomgang/opplæring frå SEKOM-sekretariat og Kommunerevisjonen i Nordfjord til orientering.

Eid kontrollutval vil delta på dagseminar/kurs Tilsyn og kontroll i kommunal sektor på Skei 25.1.2016, og SEKOM-sekretariat ordnar med påmelding.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Folkevaldopplæringa i Eid kommune var før konstitueringa, slik at då var det berre dei to i kontrollutvalet som også sit i kommunestyret som fekk med seg den.

Eid kontrollutval har 5 medlemer og alle er nye i denne valperioden.

Eid kontrollutval tok i bruk nettbrett i forrige valperiode, og vi har fått opplyst av administrasjonen at nettbrett er kjøpt inn men ikkje utdelt til alle enno. Sakspapira til første møte vert difor sendt pr post, og i tillegg vert det sendt e-post med lenkje til innkallinga på SEKOM si heimeside.

Sogn og Fjordane kommunerevisorforening vil 25. januar 2016 halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell, sjå vedlagde invitasjon. SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemene i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen (sjå vedlagde program).

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemene. Her er lenkje til [kontrollutvalsboka](#)

SEKOM-sekretariat har eiga heimeside, der finn du alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Der ligg også sentrale lover, forskrifter, retningslinjer, publikasjonar og nyttige lenkjer. Her er lenkje til [heimesida](#)

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemene i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet.

Revisjonsselskapet er invitert til å presentere seg for kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet.

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker.

Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

Eid kommune
v/ ordførar og rådmann

Dato: 14.09.2015
Vår referanse: 15/1494
Arkiv: FE-033

Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019

I samband kommunevalet vil SEKOM-sekretariat kome med informasjon og nokre tilrådingar for val av nytt kontrollutval i kommunen.

Val av kontrollutval

Kontrollutvalet er eit lovfesta utval som skal veljast i konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap jfr. kommunelova § 17 punkt 2. Minst eitt av medlemane i kontrollutvalet skal vere medlem i kommunestyret. SEKOM-sekretariat ser det som ein fordel at leiar i kontrollutvalet er medlem i kommunestyret.

Eid kontrollutval har 5 medlemar, og 5 varamedlemar i nummerert felles liste. Eid kontrollutval bør halde fast på felles varaliste, då dette gjer utvalet mindre sårbart ved forfall enn ved personlege varamedlemer.

Sjå meir om val av kontrollutval i vedlagde informasjon frå FKT og NKRF.

Opplæring

SEKOM-sekretariat meiner at det er viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Nettbrett

Eid kontrollutval har fått tildelt nettbrett, og vi ser det som naturleg at det nye kontrollutvalet overtek nettbretta, og at dei vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i kommunen.

Ordføraren sin møterett

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet jfr. kommunelova § 9 nr. 4. Det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutvalet tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis dei kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

Presentasjon av SEKOM-sekretariat

Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:

Eid, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Besøksadresse: Førde rådhus, 3. etasje

Org.nr: 987 631 554

Bankkonto: 3705.08.32571

SEKOM-sekretariat vil gjerne få høve til å komme på eit kommunestyremøte og presentere selskapet og utvalsfunksjonen, då vi trur det kan vere nyttig informasjon. Vi ser føre oss at det kan bli våren 2016, og vil ta nærare kontakt med ordførar og rådmann for å avtale tid.

SEKOM-sekretariat viser elles til reglement for Eid kontrollutval vedteke av kommunestyret 26.3.2015, sak 25/15. De finn også informasjon på vår heimeside www.sekom.no

Lukke til med val av kontrollutval for perioden 2015-2019.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

Vedlegg:
Brev frå FKT og NKRF om val av kontrollutval

Dato: 17.11.2014
Vår referanse: 14/733
Arkiv: FE-033, Komnr-1443

Reglement for Eid kontrollutval

Vedteke av kommunestyret i sak 025/15 den 26.3.15

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 5 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller

bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggst fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Dato: 04.02.2015
Vår referanse: 15/287
Arkiv: FE-033, Komnr-1443

Reglement for høyring i kontrollutvalet

Vedteke av Eid kommunestyre i sak 25/15 den 26.3.15

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medleamar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelaagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet

2015 – 2019
Oppstartmøte



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Målet i dag...

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
 - Bli kjende med kvarandre
 - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
 - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
 - Introduksjon frå revisor
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

SEKOM-sekretariat

- Sekretariatet er kontrollutvalet sitt organ for saksførebuing, utgreiing og oppfølging av saker.
- Sekretariatet er uavhengig både av revisor og kommuneadministrasjonen.
- SEKOM-sekretariat er kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn.
- Vi er 2 tilsette som deler på sekretariatsfunksjon og andre oppgåver:
 - Dagleg leiar Arnar Helgheim har hovudansvaret for kontrollutvala i
 - Bremanger, Gaular, Flora, Hornindal, Hyllestad, Naustdal og Stryn. Har også ansvar for sakshandsaming og oppfølging knytt til styret og arbeidsutvalet i SEKOM-sekretariat.
 - Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme har hovudansvaret for kontrollutvala i
 - Askvoll, Eid, Fjaler, Førde, Gloppen, Gulen, Jølster og Solund.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Kva er eit kontrollutval?

- **Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap for tilsyn og kontroll med kommunen si verksemd.**
 - Ein velfungerande eigenkontroll er med på å sikre effektiv og rett bruk av ressursane og styrkjer tilliten til kommunen.
 - Saman med kommunestyret, revisor og administrasjonen er utvalet såleis ein viktig aktør i kommunen sin eigenkontroll.




SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Kontrollinjer frå kommunestyret

(Frå Kontrollutvalsboka)



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no



Innhald i møta

- Handsaming av saker
- Informasjon om skriv og meldingar
- Oppfølgingsliste
- Informasjonssaker. Til dømes kan KU kalle inn rådmannen eller andre til å gi informasjon.
 - Kan vere både generell informasjon om saksfelt og konkret informasjon t.d. oppfølging av tilsyn.
- Synfaringar ved kommunale einingar, kommunale føretak, selskap mm?
- Møta vert avslutta med underskriving av møtebok.




SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møta i utvalet

- Sekretariatet avklarar saklista med leiar før utsending og den kjem til medlemmane ca 7 dagar før møtet.
- Sakliste og møtebok ligg også på www.sekom.no/kontrollutval/.
 - Møteboka vert distribuert til medlemmane pr e-post
- Gjennomføring av møta treng ikkje vere veldig formell, og det er rom for å «finne si eiga form».
 - Det bør vere tydeleg når ein byrjar på handsaming av ei ny sak, og sjølv avrøystinga.
- Gjennomføringa bør vere ryddig og oversiktleg også med tanke på eventuelle tilhøyrarar.




SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Opne møte

- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle som ønskjer (Same hovudregel som andre folkevalde organ).
 - Sjå meir om møte i [KS-heftet «Møtet er satt»](#).
- Eventuell lukking av møte må vedtakast i kvar sak og ha heimel i lovverket.
- SEKOM har laga rutine for handsaming av spørsmål om lukking av møte.
 - Sjå nettsida under [«Til hjelp for kontrollutvala»](#)



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Habilitet

- Det er medlemene sjølv som tek opp spørsmål om habilitet.
- Dette vert gjort straks leiaren har opna for handsaming av den aktuelle saka.
- Sjå rutiner med klipp frå lovheimlar på SEKOM si nettside ([«Til hjelp for kontrollutvala»](#))



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Sekretariatet si rolle i møta

- Syter for innkalling, sakliste og møtebok
 - Bidrar med praktisk hjelp og råd om framdrift, formalitetar osv.
 - Utvalet kan spørje den som representerer sekretariatet om råd og informasjon.
 - Sekretariatet ber også om ordet dersom vi trur det trengs til dømes avklaring av formalitetar.
- Sekretariatet prøvar å tilpasse vår medverknad i tråd med ønskjer frå kvart utval og gjerne etter drøfting med leiaren.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møterett i kontrollutvalet

- Revisjonssjef og ordfører har møte- og talerett i kontrollutvalet med heimel i kommunelova.
 - Revisjonssjef eller annan revisor vil som hovudregel delta i kontrollutvalet sine møte.
 - Sekretariatet meiner det er nyttig om ordfører også deltek på møta.
- Rådmannen vert innkalla i konkrete saker.
 - I overordna saker, møter rådmannen personleg (evt saman med andre), medan det i andre saker kan vere at andre møter på rådmannen sine vegner.
- SEKOM rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med ordfører og rådmann i starten av valperioden.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Revisor

- Kommunane sine revisorar er viktige kjelder og premissleverandørar i kontrollutvalet sitt arbeid.
- Kommunane i SEKOM-sekretariat sitt område, har 2 ulike interkommunale revisjonsselskap:
 - Kommunerevisjonen i Nordfjord i Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal. Revisjonssjef Markvard Sunde
 - KRYSS Revisjon i ytre Sogn og Sunnfjord (11 kommunar). Revisjonssjef Terje Førde
- Begge selskapa leverer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Kontakt med kommunestyret / bystyret

- Sekretariatet rår til at kontrollutvalsleiar deltek i kommunestyret i saker frå utvalet.
 - Det er fint om leiaren får ordet først i slike saker for å seie litt om innhaldet i saka og kontrollutvalet si handsaming (avklar deltaking med ordførar).
 - Dette gir nyttig og god informasjon til kommunestyret, og det er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- Kommunestyret kan også ønskje å gi tilbakemeldingar og signal til kontrollutvalet eller be om utfyllande informasjon.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Opplæring og konferansar

- Det blir felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket tidleg i 2016.
- Sekretariatet og revisor legg opp opplæring gjennom perioden i samråd med utvalet.
 - Dette kan vere generell informasjon eller spesifikk kunnskap innan avgrensa område.
- Sekretariatet rår til at ein eller fleire frå utvalet deltek på årlege konferansar for kontrollutval. Dei mest aktuelle er
 - Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse ca juni
 - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse ca februar.



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Til hjelp i utvalsarbeidet

- SEKOM si nettside: www.sekom.no !
- Menyen «Til hjelp for kontrollutvala» på SEKOM-sekretariat si nettside. Her finn de mellom anna
 - Kontrollutvalsboka (2011). KMD har lova oppdatert utgåve ca november 2015
 - Reglement for kontrollutvala
 - Lover og forskrifter
 - Rettleiarar
 - Informasjon frå SEKOM-sekretariat
 - Med meir




SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Aktuelle saker i utvalet (1)

Sak	Heime l	Merknad	KU si rolle	Månad											
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak												
Revisor si uavhengigheit	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak												
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding												
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding												
Rekneskapsaker															
Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskapsrevisjon - info om revisionsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale												



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Meir om kontrollutvalet..

- **25.1.2016 på Skei (Thon Hotel Jølster):**
 - Felles opplæring for alle kontrollutvala i Sogn og Fjordane
- Arrangør
 - Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening
- Vi håpar alle kontrollutvalsmedlemane har høve til å delta på samlinga!



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Til kontrollutvala i revisjonsdistriktet

Orientering om kommunerevisjonen

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil vi med dette orientere om arbeidet i kommunerevisjonen. Orienteringa her blir generell og formålet er å bidra til ei felles oppfatning av rollefordeling og kva som kan ventast av oss.

Det blir ikkje gjort greie for organisatoriske forhold her, då dette vil bli orientert om i særskild orientering.

I revisjonslitteraturen blir dette skrivet kalla «engasjementsbrev». I Kommunerevisjonen i Nordfjord er vi tilsette revisorar – ikkje engasjerte – og vi vel difor å kalle dette skrivet «orientering om kommunerevisjonen».

1 Revisjonen – formål og innhald

Utgangspunktet for vår revisjon er kravet i kommunelova § 78:

1. Revisjon av kommunal verksemd skal skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultata av vår revisjon i samsvar med god kommunal revisjonsskikk (GKRS). GKRS er normert av det som er bestemt i kommunelova om revisjon, tilhøyrande forskrifter og standardar. Som medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt forbundet sin kvalitetskontroll.

Tilsette i revisjonen har – med visse lovheimla unntak - teieplikt om alt dei får kjennskap til under utføring av arbeidet. Teieplikta gjeld uavgrensa i tid, også etter at den tilsette er slutta i revisjonen. Teieplikta er ikkje til hinder for at kontrollutvalet får den informasjon om resultat av revisjonen som er nødvendig.

Vi skal til ei kvar tid vurdere vår habilitet. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år gi ei skriftleg eigenvurdering av sin ugildskap til kontrollutvalet.

Alt oppdragsansvar er hos oss lagt til revisjonssjefen.

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Grandavegen 9	6821 Sandane	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måloy	57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Administrasjonen i kommunen sitt ansvar

Administrasjonssjefen i kommunen er ansvarleg for at kommunens interne administrative kontroll og økonomiforvaltning er ordna på ein trygg måte og med tilfredsstillande kontroll. Det er administrasjonssjefen sitt ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsmelding og legge fram årsrekneskap.

Leiinga i kommunen har også ansvaret for at vi har uavgrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon vi treng for å kunne utføre arbeidet vårt. Dette inkluderer også tilgang til systemforklaringar og nødvendig rettleiing.

Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar

Kommunestyret vel sjølv - som kommunens øvste organ, med m.a. ansvar for å føre tilsyn med forvaltinga - eit kontrollutval til å førestå det daglege tilsynet på sine vegne. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen og forvaltinga blir forsvarleg revidert. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjonar basert på ein plan vedteke av kommunestyret.

2 Forvaltningsrevisjon

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og godkjende standardar på området, og det skal etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt. Vi viser til forskrift om revisjon i kommunane § 7 og standard for forvaltningsrevisjon (RSK001).

Innanfor forvaltningsrevisjon av kommunar er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon vil være opplyst om ved rapporteringa av den enkelte revisjon.

3 Rekneskapsrevisjon

Grunnlaget for vårt arbeid med rekneskapsrevisjon vil i mindre grad vere omtalt ved rapportering enn tilfellet er ved rapportering av forvaltningsrevisjon. Vi vil difor bruke noko meir plass her på å opplyse om vårt arbeid med rekneskapsrevisjon og grunnlaget for dette.

Årsrekneskapen og dei aktuelle delane av årsmeldinga

Vår hovudoppgåve er å vurdere og gi ein uavhengig uttale (revisjonsmelding), om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.

Vi kontrollerer også om opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen. I tillegg kontrollerer vi om det er ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane.

Vidare er det vår oppgåve å vurdere om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen som bestemt.

Årsrekneskapen skal vere avlagt av administrasjonssjefen innan 15. februar i året etter rekneskapsåret. Frist for årsmelding er 31. mars.

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Utføring av revisjonen og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk betyr m.a. at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, og at vi gjer analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholda finn høvelege.

På grunn av ibuande avgrensingar både i revisjonshandlingane og den interne kontrollen, er det alltid risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen blir funne. Ved vår risikovurdering vurderer vi dei interne kontrollane, som er relevante for kommunens utarbeiding av årsrekneskapen, med det formål å utforme revisjonshandlingar som er høvelege, men ikkje for å gi uttrykk for effektiviteten av den interne kontrollen.

Generelt vil effektiv intern kontroll kunne redusere risikoen for at misleghald og feil vil oppstå utan å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for ein stor del være avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt rekneskaps- og rapporteringsrutinane. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen, som er relevante for revisjonen av årsrekneskapen og som vi har identifisert under revisjonen. Sjå meir om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsmeldinga, vil revisjonen vere utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000: «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krev at vi etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå tilfredsstillande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytt til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar betyr gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om disse forholda. Dei valde kontrollhandlingane avheng av revisors skjønn, m.a. vurdering av risikoane for vesentlege manglar.

Andre uttalar og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også omfatte dei kontrollhandlingar som er nødvendige for å attestere følgeskriv til lønns- og trekkoppgåvene og dei terminvise krava etter den kommunale ordninga for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskot som er gitt for å finansiere særskilde oppgåver (særattestasjonar) der det er krav om revisors attestasjon. Våre kontrollar blir utført i tråd med aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

4 Rapportering og dialog

Dette brevet utarbeider vi for kvar valperiode. I tillegg vil vi utarbeide startbrev i samband med den enkelte forvaltningsrevisjon.

Rekneskapsrevisjonshandlingane blir valt ut frå krav i revisjonsstandardar, vurdering av intern kontroll og revisors skjønn. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ein tilstrekkelig revisjon. For å sikre kontrollutvalet informasjon om rekneskapsrevisjonen, vil det i tillegg til revisjonsmeldinga bli orientert i møte om status for arbeidet gjennom året. Vi legg opp til at kontrollutvalet skal få munnleg orientering om revisjonsstrategien om hausten i revisjonsåret.

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Misleghald

Revisor skal gjennom revisjonen bidra til å førebygge og avdekke misleghald og feil. Blir det konstatert misleghald, skal revisor straks sende førebels melding til kontrollutvalet.

Når saksforholdet er meir klarlagt, skal revisor sende endeleg melding. Revisor skal sende kopi av meldinga til administrasjonssjefen.

Nummererte brev

Vi kan gjennom rekneskapsrevisjonen finne forhold som ikkje blir teke med noko om i revisjonsmeldinga, men som vi finn det nødvendig å peike på i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen. Jf revisjonsforskrifta § 4.

Brev der vi tek opp mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalar frå leiinga i kommunen

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente skriftleg uttale frå leiinga, om den meiner at opplysningane som blir gitt i årsrekneskapen er fullstendige og riktige. På same måte er vi pålagt å innhente skriftleg uttale frå leiinga om deira kjennskap til eller mistanke om mislighald.


5 Andre tenester

Revisorane som for tida er tilsette har etter kvart god kompetanse i kommunal økonomi og regelverk. Vi gir rettleiing om intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter, så langt det let seg gjere for revisor. Som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø.

Vi håper innhaldet i dette brevet er i samsvar med den forståing av revisors rolle og ansvarsområder som kontrollutvalet har, og vi vil etter beste evne bidra til eit godt og konstruktivt samarbeid. Viss noko er uklart eller utvalet har spørsmål, reknar vi med å bli kontakta om det.

Med helsing

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD



Markvard Sunde
Revisjonssjef



SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFORENING

Invitasjon til dagsseminar/kurs Tilsyn og kontroll i kommunal sektor

Tid og stad:

25. januar 2016, Skei Hotel, kl. 09:30 – 16:00

Påmeldingsfrist:

9. des. 2015

Pris : kr. 1 150,- (+ evt. overnatting rom/frokost frå 24.01.: kr. 995,-)

Forelesarar : Tidlegare medlemmer av Kontrollutval, representant
frå politisk leiing, administrasjonssjef og revisorar

Målgruppe: Medlemmer og varamedl. av kontrollutval, kontrollutvalssekretariata,
ordførarar, rådmenn, kommunalsjefar/rådgjevarar, rekneskapsansvarlege,
controller, økonomisjefar, revisorar/revisormedarbeidarar, forvaltningsrevisorar

Innhald:

(Førebels program)

09:30 – 10:00 : Registrering, noko å bite i, kaffi og tea

10:00 – 10:30 : Opning, informasjon om kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane
v/ revisjonssjef i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Ingvar Linde

10:30 – 11:00 : Kontrollutvalet og rekneskapsrevisjon v/rev.sjef. Ingvar Linde

11:00 – 11:15 : Pause, kaffe, tea

**11:15 – 12:00 : Oppgåver og ansvar, rolledeling mellom politikk,
administrasjon, revisjon v/ revisjonssjef i KRYSS Revisjon Terje Førde**

12:00 – 13:00 : Lunsj

13:00 – 14:00 : Opplevingar og erfaringar frå kontrollutvalet
Kommunestyret sine forventningar til kontrollutvalet
*v/ tidlegare kontrollutvalsleiar i Lærdal og fylkestingrepresentant Jan
Olav Fretland*

14:00 – 14:15 : Pause, kaffe, tea

14:15 – 16:00 : Forvaltningsrevisjon v/Terje Førde, Arnar Helgheim, m.fl.
- Overordna analyse og revisjonsplan
- Generelt om forvaltningsrevisjon
- Presentasjon av «case», lite prosjekt
- Presentasjon av «case», større prosjekt

Det kan bli juseringar i programmet...

Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening ønskjer deg vel møtt til kurs.

Leder:	Ingvar Linde	Tlf.:	57 65 63 39	Mob:	95 06 29 28	E-post:	Ingvar.Linde@sf-revisjon.no
Kasserer:	Torill Monsen		57 84 50 29		99 73 64 76		revisor@vagsoy.kommune.no
Sekretær:	Terje Førde		57 82 48 02		99 22 92 27		terje.forde@kryssrevisjon.no



SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFORENING

PÅMELDING

til dagseminar/kurs "tilsyn og kontroll i kommunal sektor" på Skei 25. jan. 2016

frå (kommune)

adresse

postnr/stad.:

som melder på disse deltakarane:

Kryss av om overnatting frå 24.01.-25.01.16

- | | |
|----------|--------------------------|
| 1. | ☐ |
| 2. | ☐ |
| 3. | ☐ |
| 4. | ☐ |
| 5. | ☐ |
| 6. | ☐ |
| 7. | ☐ |
| 8. | ☐ |
| 9. | ☐ |
| 10. | ☐ |

Kryss av for den som skal ha overnatting frå 24.01. (overnatting m/frokost = tillegg på kr. 995,-)

Betaling med kr 1 150,- per deltakar til kontonummer: 3700.14.33378

Påmeldingsfrist 9. desember 2015.

Påmeldinga er bindende.

Dato: Underskrift:.....

Arrangøren ber om skriftlig påmelding og denne sendes per e-post til:

terje.forde@kryssrevisjon.no

Leder:	Ingvar Linde	Tlf.:	57 65 63 39	Mob:	95 06 29 28	E-post:	Ingvar.Linde@sf-revisjon.no
Kasserer:	Torill Monsen		57 84 50 29		99 73 64 76		revisor@vagsoy.kommune.no
Sekretær:	Terje Førde		57 82 48 02		99 22 92 27		terje.forde@kryssrevisjon.no

NKRFS Kontrollutvalgskonferanse

3-4 februar 2016

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Hovedtemaer:

Kontrollutvalget – viktig for tilliten >

Flyktninger og integrering >

Kommunelovutvalget – nesten ferdig >

To minikurs går parallelt med hovedprogrammet:

A. Intro - kontrollutvalg >

B. De sentrale momentene for å forstå kommunalt regnskap >

Målgruppe

Ledere/medlemmer av kontrollutvalg,
kontrollutvalgssekretærer, revisorer og andre som er
interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren



Følg konferansen
på Twitter:
#ku16nkrf
www.twitter.com/nkrf





Møteleder: Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

09.00

Registrering og kaffe + noe å bite i / utstilling

10.00

Velkommen

► Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

10.10

Åpning

► Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner (H)



Foto: Torbjørn Tandberg/KMD

10.30

Kontrollutvalget – viktig for tilliten til kommunal forvaltning

► Styreleder Gunn Margit Helgesen, KS

► Styreleder Per Olav Nilsen, NKRF

11.30

Lunsj / utstilling

12.45

Flyktningsesituasjonen – hvordan lykkes med integrering?

► Ordfører Øivind Sand (Ap), Rælingen kommune

► En representant fra Flyktning- og inkluderingstjenesten i kommunen annonseres senere

13.30

Pause / utstilling

13.50

Kommunelovutvalget – nesten ferdig

► Utvalgsmedlem Trygve G. Nordby

14.40

Pause / utstilling

15.00

Kontrollutvalgets arbeidsmåte – praktisk erfaring

► Nestleder Rune Olsø (Ap), kontrollkomiteen, Trondheim kommune

15.50

Pause / utstilling

16.10

Annonseres senere

17.00

19.30

Middag



– på vakt for fellesskapets verdier



Møteleder: (annonseres senere)

09.00

Det vil alltid være risiko for korrupsjon i et tillitsbasert system

- Korrupsjonsforsker Tina Søreide, førsteamanuensis, Norges Handels-høyskole (NHH)

10.00

Pause – utsjekking / utstilling

10.30

Habilitetsbestemmelsene – sjelden rett fram

- Advokat Jostein Selle, KS Advokatene

11.30

Lunsj / utstilling

12.45

Samspillet mellom revisor og kontrollutvalget – hvordan oppnå de gode forvaltningsrevisjonene

- Seksjonsleder forvaltningsrevisjon Anders Svarholt, Østfold kommune-revisjon IKS og medlem av NKRFs forvaltningsrevisjonskomite

13.30

Pause / utstilling

13.50

Åpenhet vs. taushet i kommunal forvaltning

- Leder Siri Gedde-Dahl, Presseforbundets offentlighetsutvalg og journalist i Kapital

14.45

Kåseri

- Kommentator Eva Nordlund, Nationen

15.15

Avslutning

- Styreleder Per Olav Nilsen, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

15.20

09.00

Minkurs A

A. Intro – kontrollutvalg

! Begrenset antall plasser

(Målgruppe: Nye kontrollutvalgsmedlemmer)

- Seniorrådgiver Bodhild Laastad, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Innhold:

- Rammeverk for tilsyn og kontroll i kommunal sektor
- Kontrollutvalgets formål, rolle og oppgaver

12.45

Minkurs B

B. De sentrale momentene for å forstå kommunalt regnskap

! Begrenset antall plasser

(Målgruppe: Kontrollutvalgsmedlemmer)

- Daglig leder Åge Sandsengen, Kommunerevisjon IKS

Innhold:

- Det kommunale økonomisystemet
- Regnskapets oppbygging
- Grunnleggende prinsipper og de unike økonomiske sammenhengene
 - spesielt i balansen
- Anordningsprinsippet
- Resultatbegrepet

14.35



– på vakt for fellesskapets verdier

Kontrollutvalgskonferanse

3-4 februar 2016



Påmelding

- Påmeldingsfrist: 17. desember 2015.
- Bindende påmelding skal skje via [NKRFs nettsider](#)
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

Konferansepriser*

- Deltakelse inkl. helpensjon: Kr 6 500 (ikke-medlemmer: Kr 6 900)
- Dagpakke (lunsj mm): Kr 5 300 (ikke-medlemmer: Kr 5 700)
Prisene inkluderer dokumentasjon, lunsj, drikke til måltidene og servering i pausene.
- Ekstra overnatting m/frokost fra 2. - 3. februar 2016: Kr 1 300.

*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

Konferansehotellet

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Ved behov vil også Comfort Hotel RunWay, som ligger rett ved siden av Clarion (og The Qube), bli benyttet til overnatting.

Forhåndsgodkjenning

13 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning.



Norges Kommunerevisorforbund
Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
Telefon 23 23 97 00, post@nkrf.no, www.nkrf.no
[www.twitter.com/nkrf](https://twitter.com/nkrf) (#ku16nkrf)

Velkommen på konferanse!

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 036/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/503
---	-------------------------	-------------------------------

Møteplan 2016 for Eid kontrollutval

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2016 for Eid kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar og møtestart kl. 10.00 :

16. mars

2. mai

13. juni

8. september

17. november

25. januar deltek kontrollutvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har laga framlegg til møteplan for «våre» 15 kommunar. Møtetidspunkta er basert på erfaringar frå tidlegare år. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og hastar, eller andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Våren 2016, vert arbeid med planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll viktige saker. Vi legg opp til at overordna analyse frå revisor ligg føre til møtet 16. mars. Overordna analyse vert så grunnlaget for vidare planarbeid. Dersom kommunestyret skal få handsama plan for forvaltningsrevisjon før sommarferien, må kontrollutvalet vedta planen i møte 2. mai.

Årsrekneskapen for Eid kommune er truleg ferdig revidert til 20. april og kan då handsamast i møte 2. mai.

Vi har lagt utkastet til samla møteplan ut på www.sekom.no .

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 037/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/336
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	23.11.10 26.11.10	Vedtak KU Brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/14 Masseuttak Eid kommune	12.6.2014 12.6.2014 3.3.2015 4.3.2015 8.9.2015 12.11.2015 13.11.2015	Handsama tidlegare i sak: 048/12 i møte 27.11.2012 Ba om rapport 004/13 i møte 27.02.2013 Orientering 036/13 i møte 10.09.2013 Orientering Vedtak: Orienteringa vert teke til vitande Saka vert teke opp att i april 2015. Sak 04/15 Informasjon ved plan og utviklingssjef Kristine Dahl. Vedtak: Kontrollutvalet ber om at Eid kommune følgjer opp om masseuttaka har søkt og fått driftskonsesjon og at dei har driftsplanar i orden. Utvalet ber om svar med status før møte i september. Sendt spørsmål til Eid kommune om tilbakemelding. Sak 027/15, saka utsett, rådmannen møtte ikkje. Fått tilsendt nye opplysningar frå Eid kommune. E-post til rådmannen/utvalsleiar om at saka vert sett opp på første møte i 2016.

Sak	Dato	Status																																
46/14 Forvaltningsrevisjon: Samhandlings- reforma – erfaringar	25.11.2014	Vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Samhandlingsreforma – erfaringar. 2. Prosjektet kan utførast som felles rapport med andre kommunar. 3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram til første møte i 2015. Frist for rapport vert sett til innan utgangen av 2015. 4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet. 5. Prosjektplan kan drøftast i fellesmøte med alle kontrollutvala. Vedtaket sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde informerte om prosjektet under skriv og meldingar i sak 026/15																																
07/15 Møteplan 2015	3.3.2015	Vedtak: Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 3. mars 28. april 9. juni 8. september 17. november Møtetidspunkt kl 9.30																																
21/15 Overordna analyse	9.6.2015 24.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Eid kommune frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Tinginga sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord.																																
25/15 Godkjenning av innkalling og sakliste	8.9.2015	Saklista var ikkje lagt ut på politikarportalen. Kontrollutvalsleiaren bør sjekke i forkant av møta at dette er gjort.																																
29/15 Budsjett for kontrollutvalet 2016	8.9.2015 9.9.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2016: <table><tr><th>Konto</th><th>Tekst</th><th>B2015 (KU)</th><th>B2016</th></tr><tr><td>10820</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>50 000</td><td>50 000</td></tr><tr><td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>6 000</td><td>6 000</td></tr><tr><td>11170</td><td>Servering</td><td></td><td>2 000</td></tr><tr><td>11500</td><td>Opplæring, kurs, seminar</td><td>15 000</td><td>28 000</td></tr><tr><td>11700</td><td>Reiseutgifter</td><td>2 000</td><td>5 000</td></tr><tr><td>11970</td><td>Kontingentar</td><td>4 000</td><td>4 000</td></tr><tr><td colspan="2">Kontrollutvalet samla</td><td>77 000</td><td>95 000</td></tr></table> Sendt til Eid kommune.	Konto	Tekst	B2015 (KU)	B2016	10820	Godtgjersle folkevalde	50 000	50 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	6 000	6 000	11170	Servering		2 000	11500	Opplæring, kurs, seminar	15 000	28 000	11700	Reiseutgifter	2 000	5 000	11970	Kontingentar	4 000	4 000	Kontrollutvalet samla		77 000	95 000
Konto	Tekst	B2015 (KU)	B2016																															
10820	Godtgjersle folkevalde	50 000	50 000																															
10990	Arbeidsgjevaravgift	6 000	6 000																															
11170	Servering		2 000																															
11500	Opplæring, kurs, seminar	15 000	28 000																															
11700	Reiseutgifter	2 000	5 000																															
11970	Kontingentar	4 000	4 000																															
Kontrollutvalet samla		77 000	95 000																															
Orientering – protokollar utval/styre		Eid kontrollutval må ta stilling til om dei ynskjer å halde fram med å ha eiga sak i møta med orientering/protokollar frå utval/styre.																																

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 01.12.2015	Saksnr 038/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/505
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).